

Brukarmedverknad

Ein kvalitativ studie av ungdom og tilsette sine opplevingar av
brukarmedverknad ved barneverninstitusjonar

Gunnar Bondhus

Vår 2014

Institutt for Sosialfag
Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Universitetet i Stavanger



Innhald

Føreord	9
Samandrag	10
1.0 Innleiing	12
1.1 Bakgrunn for val av oppgåve.....	12
1.2 Føremål med undersøkinga	13
1.3 Problemstilling.....	13
1.4 Avgrensning av oppgåva	13
1.5 Struktur og oppbygning	13
2.0 Teoridel - innleiing	15
2.1 Barneverninstitusjonar – organisering og føremål	15
2.1.1 Plasseringsgrunnlag for ungdom	15
2.1.2 Arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar ved barneverninstitusjonar	16
2.1.3 Arbeidsmåtar	17
2.2 Auka fokus på barn sine rettar	17
2.2.1 Barneperspektivet	17
2.2.2 Utfordrande og kritiske sider ved barneperspektivet	19
2.2.3 Det rettslege grunnlaget for brukarmedverknad.....	19
2.2.4 FN sin barnekonvensjon.....	20
2.2.5 Barnevernlova	21
2.2.6 «Rettighetsforskriften»	22

2.2.7 Forskrift om kvalitet i barneverninstitusjonar – «Kvalitetsforskriften».....	23
2.3 Brukarmedverknad	23
2.3.1 Former for brukarmedverkad	24
2.3.2 Dimensjonar ved brukarmedverknad	26
2.3.3 Positive og kritiske sider ved brukarmedverknad	27
2.4 Empowerment.....	28
2.4.1 Utfordrande og kritiske sider ved empowerment.....	29
2.5 Styrkeperspektivet	30
2.5.1 Utfordrande og kritiske sider ved styrkeperspektivet	31
2.6 Makt.....	31
2.6.1 Positiv og negativ maktbruk.....	32
2.7 Etikk.....	33
2.7.1 Dimensjonar ved etiske utfordringar	34
Etisk problem	34
Etisk dilemma.....	35
Verdiar.....	35
Normer	36
Haldningar	36
2.7.2 Utfordrande sider ved etisk arbeid	37
2.8 Symbolsk interaksjonisme.....	37
2.8.1 Kjenneteikn ved symbolsk interaksjonisme	38

2.8.2 Hovudpilarar i symbolsk interaksjonisme.....	38
2.8.3 Definisjon av situasjonen	38
2.8.4 Sosial interaksjon	39
2.8.5 Symbol	40
2.8.6 Vektlegging av aktivitet	41
2.8.7 At me handlar og oppfører oss «her og no»	41
2.8.8 Kritiske sider ved symbolsk interaksjonisme.....	41
2.9 Relasjons-og kommunikasjonsteori.....	42
2.9.1 Relasjonar.....	42
2.9.2 Kommunikasjon	43
2.9.3 Anerkjening	43
2.9.4 Empati og empatisk veremåte	44
2.9.5 Kva fortel tidlegare brukarundersøkingar om brukarmedverknad ved barneverninstitusjonar	44
3.0 Metodisk tilnærming	48
3.1 Tilhøvet mellom vitskapsteori og forskingsmetode	48
3.1.1 Vitskapsteori.....	48
3.1.2 Den hermeneutiske sirkel	48
3.1.3 Fenomenologi.....	48
3.2 Forskingsmetode.....	49
3.2.1 Skilje mellom kvantitativ og kvalitativ metode	50
3.2.2 Kvalitativt forskingsintervju	50

3.2.3 Tre vanlege intervjuformer.....	51
3.2.4 Strukturerte intervju	51
3.2.5 Ustrukturerte intervju	51
3.2.6 Semistrukturerte intervju	51
3.2.7 Fordelar og ulemper med kvalitativt intervju.....	52
3.3 Utarbeiding av intervjuguide	52
3.3.1 Førebuing til intervju.....	53
3.3.2 Tilgang til feltet og utvalsprosessen.....	54
3.3.3 Forskingsetiske omsyn	54
3.3.4 Informert samtykke og informasjon om prosjektet	55
3.3.5 Teieplikt	55
3.4 Gjennomføring av intervju.....	55
3.5 Rolla som forskar.....	56
3.6 Analyse av datamateriale.....	57
3.7 Kvaliteten av studien – validitet og relibilitet.....	58
3.7.1 Validitet.....	58
3.7.2 Utfordrande sider ved validitet.....	59
3.7.3 Reliabilitet	60
3.7.4 Utfordrande sider ved reliabilitet	60
3.8 Oppsummering	61
4.0 Presentasjon av datamateriale frå intervju.....	62

4.1 Ungdommar sine opplevingar av brukarmedverknad	62
4.2 Oppleving av kvardagen	62
4.3 Medverknad i praksis.....	66
4.4 Utfordrande situasjonar	69
4.5 Informasjon og ivaretaking av juridiske rettar	70
4.6 Tilsette sine opplevingar av brukarmedverknad.....	72
4.7 Oppleving av kvardagen	72
4.8 Medverknad i praksis.....	73
4.9 Utfordrande situasjonar	75
4.10 Informasjon og ivaretaking av juridiske rettar.....	76
5.0 Drøfting	77
5.1 Relasjonar	79
Utfordrande sider ved relasjon og brukarmedverknad	80
5.1.1 Veremåte	81
Utfordrande sider ved veremåte og brukarmedverknad.....	82
5.1.2 Det å verta møtt på ein høfleg og respektfull måte.....	83
Utfordrande sider ved respekt og brukarmedverknad	83
5.1.3 Tryggleik og tillit i relasjonar.....	84
Utfordrande sider ved tryggleik og tillit når det gjeld brukarmedverknad	85
5.1.4 Empati	86
Utfordrande sider ved empati og brukarmedverknad.....	87

5.1.5 Anerkjening	87
Utfordrande sider ved anerkjenning og brukarmedverknad.....	88
5.1.6 Motivasjon og meistring.....	89
Utfordrande sider ved motivasjon og meistring når det gjeld brukarmedverknad.....	90
5.2 Kommunikasjon.....	91
Utfordrande sider ved kommunikasjon	91
5.2.1 Informasjon	92
Utfordrande sider ved informasjon og brukarmedverknad	93
5.3 Brukarmedverknad i praksis	94
Utfordringar knytt til medverknad i praksis	95
Ungdom si deltaking ved utarbeiding av handlingsplanar	96
Utfordringar ved at ungdom ikkje kjenner til handlingsplan, og får vera med ved utarbeiding av denne	97
5.3.1 Makt	98
Utfordrande sider ved makt og brukarmedverknad.....	99
5.3.2 Etske omsyn	102
5.3.3 Bruk av kritisk refleksjon hos sosialarbeidaren	102
5.4 Ivaretaking av juridiske rettar	103
Utfordrande sider ved ivaretaking av juridiske rettar og brukarmedverknad	104
5.5 Avslutning	105
Relasjonar	105
Kommunikasjon	105

Brukarmedverknad i praksis.....	106
Ivaretaking av juridiske rettar	106
6.0 Avsluttande refleksjon.....	107
Litteraturliste	108
VEDLEGG	114
Samtykkeerklæring om deltagelse i intervjuundersøkelse	117
Intervjuguide – ungdom.....	118
Intervjuguide – miljøpersonale	121

Føreord

Det å skriva masteroppgåve har både vore ein tidkrevjande, til tider einsam prosess, men samstundes lærerikt. Eg vil takka ungdommane og dei tilsette ved dei to barneverninstitusjonane som stilte opp og gav meg verdfull informasjon og innsikt i temaet brukarmedverknad. Utan dykk hadde det ikkje vorte ei masteroppgåve.

Eg vil vidare retta ei takk til rettleiaren min, Arvid Lone, for gjennomgang, tips og råd under vegs i arbeidet med oppgåva. Det har og vore nyttig og hatt ein støttespelar når eg har lurt på noko.

Også takk til Dagfinn Alstadsæter som har lese korrektur på masteroppgåva og Egil Kaberuka-Nielsen for god datateknisk hjelp.

Stavanger, 26.06.2014

Gunnar Bondhus

Samandrag

Tema

I denne oppgåva har eg sett nærare på brukarmedverknad som tema, retta mot ungdom som oppheld seg ved barneverninstitusjonar.

Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for at eg ønskte å sjå på brukarmedverknad, var å få større innsikt i dei innhaldsmessige sidene av omgrepet. Føremålet er å få auka innsikt i og forståing av prosessane som er knytt til medverknad gjennom å intervjuja ungdommar og tilsette ved barneverninstitusjonar, men det er spesielt interessant å få fram stemma til ungdommane på barneverninstitusjonar, ved at «den vet best hvor skoen trykker, som har den på».

Problemstilling

Val av problemstilling er som følgjer:

Kva faktorar vektlegg ungdom og tilsette når det gjeld å fremja brukarmedverknad for ungdom under opphald ved barneverninstitusjonar?

- Og kva kan vera utfordringane?

Metode

Eg har intervjuja 7 ungdommar og 6 tilsette ved to barneverninstitusjonar for å prøva å finna svar på spørsmålet som eg har stilt i problemstillinga. Eg valde å intervjuja både ungdommar og tilsette då eg synes det var interessant å kunna samanlikna intervjumaterialet i ettertid. Semistrukturert intervjuguide vart utarbeidd og prøvd ut på eit par medstudentar på førehand, noko som var nyttig med omsyn til å forbetra denne. Det vart nytta kvar sin semistrukturerte intervjuguide til ungdommar og tilsette som vart intervjuja.

Presentasjon av datamaterialet frå intervjua

I denne delen vert data frå intervjua med ungdommar og tilsette presenterte nærare. Denne delen er delt i fire kategoriar: Oppleving av kvardagen, medverknad i praksis, utfordrande situasjonar og ivaretaking av juridiske rettar. Av datamaterialet kjem det fram ulike syn på i kva grad og korleis ungdom og tilsette opplever medverknad i praksis. Og det kjem fram at ungdommane opplever det som viktig at dei vert sett, høyrte og involvert i prosessane ved barneverninstitusjonane. Dei tilsette vektlegg omgrep som omsorg, tillit og respekt når det gjeld tilhøve som kan fremja brukarmedverknad.

Drøfting og avslutning

Når eg drøftar tek eg utgangspunkt i datamaterialet og ser dette i lys av teoriar og tidlegare forskning. Nokre stader har det vore samsvar med tidlegare forskning på området, medan det andre gonger har vore omvendt. Til dømes er det samsvar med både tidlegare brukarundersøkingar og forskning som vektlegg meininga av å verta sett, høyrte og respektert. På den andre sida, under utfordringar, finn eg og at det er ulikt syn på korleis den einskilde ungdom opplever faktorar som er med på å hemmar medverkad i praksis.

Avsluttande refleksjon

På slutten av oppgåva avrundar eg med å reflektera litt over kva eg opplever å ha lært i samband med oppgåva, og korleis eg kan få nytte av dette i arbeidssamanheng.

1.0 Innleiing

I dette kapitlet vil eg gjere greie for bakgrunnen for val av oppgåve, føremålet med undersøkinga, problemstilling, avgrensning, og til sist struktur og oppbygning av masteroppgåva.

1.1 Bakgrunn for val av oppgåve

Brukarmedverknad har vorte eit vanleg omgrep i sosialt arbeid, og har sidan det dukka opp på 1960 talet fått auka merksemd frå ulikt hald (Jenssen og Tronvoll 2012). I dei seinare åra har det også fått ein sentral plass i både lovgjeving, mellom anna i barnevernlova § 5-9 om barn sin autonomi, og i politiske føringar. Det er eit omgrep som inneheld mange ulike sider med omsyn til form og innhald (Seim og Slettebø 2007). Eg fatta tidleg interesse for temaet og har valt å ta føre meg brukarmedverknad retta mot ungdommar under opphald ved barneverninstitusjonar. Det dukkar frå tid til annan opp diskusjonar om kor vidt institusjonane fungerer kvalitetsmessig, og brukarmedverknad er ein viktig del av ein slik diskusjon. Spørsmålet dette reiser er interessant av fleire grunnar, mellom anna:

Opplever ungdom under opphald ved barneverninstitusjonar at medverknad vert ivareteke?
I kva grad opplever dei reell medverknad og korleis vert dei møtt og sett i det daglege?

Fleire barn som oppheld seg ved barneverninstitusjonar har gjeve uttrykk for at dei i for liten grad vert høyrde og tekne på alvor. Sjølv om det vert gjort mykje bra arbeid ved barneverninstitusjonane, viser det seg og at det er utfordringar å ta tak i. Brukarmedverknad reiser fleire spørsmål, og omgrepet har også vorte kritisert for å vera eit honnørord (Rambøll, 2011).

Med ovannemnde bakgrunn har eg funne det interessant og lærerikt å sjå nærare på brukarmedverknad, og korleis den fungerer ved barneverninstitusjonar. Eg har vald å gjennomføra kvalitative intervju med både tilsette og ungdommar ved to institusjonar. Ikkje minst er det sentralt korleis ungdom sjølve, som oppheld seg ved institusjonane, opplever sin eigen situasjon når det gjeld medverknad under opphaldet. Det å få ungdom og miljøpersonale ved institusjonane i tale, har for meg vore viktig når det gjeld å finna ut korleis brukarmedverknad vert praktisert.

1.2 Føremål med undersøkinga

Føremålet med denne masteroppgåva er å setja søkjeljoset på korleis brukarmedverknad har innverknad på ungdom under opphald ved barneverninstitusjonar. Fungerer brukarmedverknad slik det er meint, og kva utfordringar fører det med seg?

Gjennom kvalitativt intervju med ungdom og miljøpersonale ønskjer eg å få fram deira egne opplevingar på korleis dei opplever brukarmedverknad praktisert i kvardagen.

Følgjande problemstilling er valt:

1.3 Problemstilling

Kva faktorar vektlegg ungdom og tilsette når det gjeld å fremja brukarmedverknad for ungdom under opphald ved barneverninstitusjonar?

- Og kva kan vera utfordringane?

1.4 Avgrensning av oppgåva

Målgruppa er ungdommar ved barneverninstitusjonar i aldersgruppa mellom 12 – 18 år, med ulikt plasseringsgrunnlag (plassert friviljug eller på tvang). Grunna plassomsyn har eg valt å ikkje ta føre meg brukarmedverknad sett i lys av bruk av tvang ved barneverninstitusjonar, då dette er eit stort og omfangsrikt tema som det kunne vore skrive ei eiga avhandling om.

1.5 Struktur og oppbygning

Masteroppgåva er delt inn i 6 kapittel:

I kapittel 1 ser eg i innleiinga på bakgrunn for val av oppgåve, føremål, problemstilling med avgrensning, og struktur og oppbygning.

I kapittel 2 tar eg føre meg teoretisk innfallsvinkel som er nytta i oppgåva. Her har eg valt teori knytt til brukarmedverknad, symbolsk interaksjonisme, identitet- og relasjonsteori, og til sist makt og etikk.

I kapittel 3 gjer eg greie for den metodiske framgangsmåten i oppgåva. Eg vil her sjå nærare på den kvalitative metoden, med sine sterke og svake sider, og kva innverknad det har hatt når det gjeld datamaterialet som har vorte henta inn.

I kapittel 4 presenterer eg datamaterialet frå dei kvalitative intervju som er gjennomførde med ungdommar og miljøpersonale ved to barneverninstitusjonar.

I kapittel 5 drøftar eg så datamaterialet for å prøva å gje svar på problemstillinga, før eg kjem til avslutninga.

I kapittel 6 rundar eg av med ein avsluttande refleksjon på kva eg opplever å sitja att med etter å ha arbeidd med oppgåva, og korleis eg kan gjera meg nytte av dette i yrkessamanheng.

2.0 Teoridel - innleiing

Innleiingsvis vil eg i dette kapitlet starta med å gje eit oversyn over barneverninstitusjonane sine oppgåver, og litt om lovgrunnlaget for plassering. Vidare vil eg så gå inn på aktuelle teoretiske perspektiv som innverkar på brukarmedverknad. Teoriar som eg her har funne aktuelle å ta med handlar om:

- Auka fokus på barn sine rettar
- Teori knytt til brukarmedverknad og empowerment
- Styrkeperspektivet
- Makt
- Etikk
- Symbolsk interaksjonisme
- Relasjons- og kommunikasjonsteori

Kvar for seg og samla kan dette vera teoretiske perspektiv som kan påverka brukarmedverknad for ungdom under opphald ved barneverninstitusjonar.

2.1 Barneverninstitusjonar – organisering og føremål

Eg startar med eit kort oversyn over organisering og føremål då dette er med på å gje eit bilete av omfanget av barneverninstitusjonar der brukarmedverknad har sin plass. Det finst i Noreg i dag om lag 70 statlege og 110 private barneverninstitusjonar, i tillegg til 12 ruskollektiv (Bufetat.no, 2010). Barne-, ungdoms- og familietaten (BUF-etat) har ansvar for drifta av dei statlege institusjonane, og er underlagt Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Barneverninstitusjonane er mellom anna underlagt lov om barneverntenester, som har ulike reglar som regulerer føremål, plasseringsgrunnlag med meir (Lindboe, 2012).

2.1.1 Plasseringsgrunnlag for ungdom

Plasseringsgrunnlag for ungdom ved barneverninstitusjonar kan vera ulike paragrafar i barnevernlova, alt etter kva som er årsaka til at ei slik plassering vert vurdert som naudsynt. Korleis barn er plassert kan og seia noko om graden av brukarmedverknad, og eg tek med eit kort oversyn nedanfor. Barnevernlova har fire alternative lovheimlar for plassering i institusjon:

§ 4-4, 5. ledd om hjelpetiltak, som er friviljug plassering som hjelpetiltak.

§ 4-12, (med og utan samtykke) som er omsorgsovertaking og

§ 4-24 og §4-26 (med og utan samtykke) som handlar om rus og åtferd.

Når barn vert plassert etter § 4-4, 5. ledd, § 4-24 eller 24-6, vil foreldre for det meste reint praktisk vera ute av stand til å utøva den daglege omsorga, men er ikkje fråteken foreldreansvar og omsorg reint juridisk. Barnelova gjev foreldre både avgjerdsmynde, økonomisk styring og rett til å kunna ha kontakt med barnet. Barneverninstitusjonane si oppgåve etter ovannemnde plasseringsgrunnlag er å utøva den daglege omsorg i foreldra sin stad (Lindboe, 2012).

Når plassering vert gjort etter § 4-12 i barnevernlova, overtek det offentlege både omsorg og den daglege omsorga, medan foreldra framleis har ansvaret for personlege tilhøve. Til dømes religion, namn, utdanning og medisinsk behandling (Ibid.).

Ungdommar som oppheld seg ved barneverninstitusjonar kan ha ulike utfordringar når det gjeld tilpassing til samfunnet, i omgang med føresette, vaksne eller jamnaldrande. Årsakene til vanskane kan mellom anna ha sin bakgrunn i åtferdsproblematikk, tilpassingsvanskar, samspelevanskar eller relasjonsskadar. Barn og ungdom som slit med slike vanskar treng ofte hjelp, og barneverninstitusjonane har mellom anna som oppgåve å gje tilbod om eit trygt omsorgs- og behandlingstilbod, noko som eg no vil sjå nærare på (Andreassen, 2003).

2.1.2 Arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar ved barneverninstitusjonar

Både arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar kan verka inn på brukarmedverknad. Her vil barneverninstitusjonane ha eit stort ansvar når det gjeld å dra omsorg for barn og unge (Slettebø & Seim, 2007). Utanom ansvar for omsorg har institusjonane ansvar for god fagleg kvalitet i tilbodet som vert gjeve, og å sikra ungdommane sine rettar og møta dei med omsorg og respekt. I det heile er det ei sentral oppgåve å fremja utvikling hos ungdommar (Larsen, 1983). Vidare er det eit mål at dei skal tilbakeførast til biologiske foreldre, forsterheim eller hjelpa dei, slik at dei vert etablert på eiga hand. Dette kjem fram av norsk barnevernlov og dei biologiske prinsipp (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2012).

2.1.3 Arbeidsmåtar

Når det gjeld arbeidsmåtene ved barneverninstitusjonane, er det mellom anna lagt vekt på at fagutøvinga ved institusjonane skal byggja på vitenskapelig kunnskap, kritiske og etiske vurderingar, dei tilsette sine røynsler, men også med utgangspunkt i å skapa eit trygt og godt miljø for barn og unge (Bufetat, 2009).

Barneverninstitusjonane har ulike praktiske arbeidsmåtar som dei nyttar seg av, og eit vanleg samleomgrep er miljøterapi. Omgrepet har sitt opphav innan psykiatri, og har ei medisinsk forankring, som tidlegare vart nytta mellom psykiater/psykolog og pasient. Det som finn stad i miljøet har i dei seinare åra fått større fagleg vekt, og miljøterapi er i dag vorte ei vanleg form når det gjeld behandling. Som eit skilje frå tidlegare medisinsk tradisjon vart også miljøarbeid innført. Omgrepa miljøterapi/miljøarbeid vert i dag nytta om kvarandre, men det finst ikkje nokon eintydig definisjon (T. Halvorsen, 2001). Omgrepa miljøterapi/miljøarbeid kan definerast på fleire måtar, men eg har vald å ta utgangspunkt i følgjande definisjon:

«En systematisk og gjennomtenkt tilretteleggelse av miljøets psykologiske, sosiale og materielle/fysiske betingelser i forhold til individets og gruppens situasjon og behov. Hensikten med dette er å fremme deres muligheter til læring, mestring og personlig ansvar» (Larsen, 1983, s. 4).

Miljøterapeutisk arbeid har som mål å skapa endring og utvikling, og det er sentralt at det er barn og ungdom sine ressursar som skal vera i fokus, noko som og kan påverka brukarmedverknad (Ibid).

Etter denne innleiinga om barneverninstitusjonane vert det vidare sett nærare på bakgrunnen til at det har vorte eit auka fokus på barn sine rettar knytt til brukarmedverknad.

2.2 Auka fokus på barn sine rettar

2.2.1 Barneperspektivet

Synet på barn har endra seg opp gjennom historia. Per Olav Tiller har forska mykje på barn. Han viser til at ein i for liten grad har sett på barn som verdfulle informantar om sin eigen situasjon, og at barn må sjåast på som eit subjekt og ikkje eit objekt. Tiller uttalar mellom anna i sitt forskingsarbeid:

«Det finnes ingen bedre ekspert på det å være 5 år enn 5-åringen selv».

(Tiller mfl., 1991, s. 73).

Dei siste ti åra har det vore aukande merksemd på at barn vert sett på som sjølvstendige individ med eigne rettar. Synet på barn har også endra seg frå det å ha eit «paternalistisk» syn på barn (der det er dei vaksne som veit best), til det å sjå på barn som autonome individ, med sin eigen verdfulle og annleis kompetanse enn den vaksne har. I det nye barneperspektivet vert barn sett på som aktørar; som skaparar ut frå sine eigne føresetnader. Ytterlegare fokus vart sett på barn som eigne individ då FN sin barnekonvensjon vart ratifisert og teke inn som ein del av norsk lov i 2003 (Omre & Schjelderup, 2009).

Tjeldflaat og Ulset (2007) legg til grunn at omgrepet har med barnet sitt perspektiv å gjera, og at det kan forståast som, og er uttrykk for, barnet sine opplevingar og røynsler. Barneperspektivet omfattar barnet sitt perspektiv på seg sjølv, andre og verda. Sjøelve forståinga av bruken og innhaldet av det å innta eit barneperspektiv har vore omdiskutert. Det er innan politikk og forskning ulike oppfatningar om kva omgrepet rommar. Omre og Schjelderup (2009) meiner at barneperspektivet må omfattast av følgjande dimensjonar:

«- Barnets perspektiv er funnet og tatt hensyn til.

- Voksne konsentrerer seg om barnets situasjon (har barnet i sitt perspektiv).

- Barnets beste interesser fokuseres og tydeliggjøres.

- Barnet blir tatt med i planleggings- og implementeringsprosesser over tid.

- Voksnes tankesett inkluderer barn som subjekter og anerkjenner barns livserfaringer, kompetanse og meninger».

(Omre & Schjelderup, 2009, s. 39).

Det å innta eit barneperspektiv er i følgje Kjørholt (1991) når forskaren innhentar kunnskap frå barn gjennom eit deltakarperspektiv, både ved samtale og observasjon. Gullestad (1991) utvidar barneperspektivet med å visa til at om samtalar og observasjon med barn og unge er naudsynt, er det ikkje eit tilstrekkeleg vilkår. I følgje forfattaren er det ikkje nok å kun rapportera om barn sine utsegner; forskaren må alltid drøfta barnet sitt perspektiv innanfor ei breiare teoretisk og empirisk ramme. Barneperspektivet utfordrar i følgje Omre og Schjelderup (2009) nye tankesett og røynsler som kan lærast og utviklast.

2.2.2 Utfordrande og kritiske sider ved barneperspektivet

Barneperspektivet har også ein del utfordrande og kritiske sider, og nokre døme på det kan vera:

- Det å innta eit barneperspektiv kan by på utfordringar ved at forskaren er medviten på å sjå på barnet som eit subjekt, samstundes som dette ikkje alltid er like lett i praksis. Som forskarar kan og barneperspektivet forståast som ein konstruksjon, og at det er dei vaksne som konstruerer og definerer barn sin situasjon.
- Perspektivet kan vera krevjande som metode og prosess. For å ha eit barneperspektiv, er det ikkje tilstrekkeleg å berre leva seg inn i barn sin situasjon. Skal ein ha eit barneperspektiv, må barnevernsarbeidaren og ta omsyn til barn sine tankar, kjensler, at deira stemme kjem til orde og vert teken omsyn til.
- Det kan vera fare for eit overdrive fokus på barn sin kompetanse og evner. Noko som vidare kan medføra at barn opplever å få for stort ansvar, og undervurderar at barn er sårbare og har trong for vern.
- Det kan verta eit for stort fokus på dei juridiske rettane. Kan medføra at barn ikkje opplever tilstrekkeleg oppfølging frå vaksne til å kunna nytta seg av rettane (Stang, 2007).

I den praktiske kvardagen ved barneverninstitusjonar vert brukarmedverknad mellom anna regulert av reglar og rutinar ved kvar einskild institusjon.

2.2.3 Det rettslege grunnlaget for brukarmedverknad

Dei juridiske rettane for barn har vorte styrka i dei seinare åra. Både norsk og internasjonal lovgjeving fastset bestemte rettar til medverknad for barn og foreldre. Til dømes har FN sin barnekonvensjon, barnevernlova, og barnelova egne juridiske rettar for barn og unge sin medverknad. Det har og vorte eit fokus på å verna utsette og svake barn ved å tildela dei rettar gjennom FN sine menneskerettar (Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2006). Det vert no sett nærare på dei sentrale juridiske rettane til barn og til brukarmedverknad, heimla i lovverk og i FN sin barnekonvensjon.

2.2.4 FN sin barnekonvensjon

Som eit resultat av auka merksemd på barn sine rettar vart FN's barnevernkonvensjon vedteken 20. november 1989, og godkjent (ratifisert) av Noreg, 8. januar 1991. Den vart innarbeidd i norsk lov i 2003. Barnekonvensjonen gjeld for alle alle barn og er eit sentralt dokument når det gjeld barn og unge sin rett til medverknad. FN sin barnekonvensjon er utvikla som følgje av ein historisk prosess der barn si rolle er endra frå å vera ein del av ein familie til det å vera individ med rettar. Konvensjonen har vore med på å setja større fokus på barn sin situasjon, og å hindra at dei vert krenka og utsette for fysisk og psykisk skade, overgrep og vald. Konvensjonen skal sikra barn retten til vern og forsørging. Sentralt i barnekonvensjonen står respekten for barn si meining. Barnekonvensjonen er samansett av fire generelle prinsipp, som alle andre artiklar skal tolkast ut frå; artikkel 2, 3-1, 6 og 12 (Søvig, 2009).

I artikkel 3 om «barnets beste» heiter det:

«Ved alle handlinger som vedrører barn og som foretas av offentlige eller lovgivende organer, skal det først og fremst tas hensyn til hva som gavner barnet best» (Ryan & Andreassen, 1991, s. 158).

Det at barn vert høyrte og får seia si meining går fram av artikkel 12, og lyder slik:

«1.1. Partene skal garantere et barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og gi barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.
2.2. For disse formål skal barnet særlig gis anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller ved en representant eller et eget myndighetsorgan og på en måte som samsvarer med vedkommende lands saksbehandlingsregler» (Ryan & Andreassen, 1991, s. 160).

Artikkel 13 er også viktig, og handlar om barn sin rett til ytringsfridom (Ibid.).

FN sin barnekonvensjon har vorte rekna som sentral når det gjeld barn og unge sin rett til medverknad, noko som og har ført til endringar i den norske barnevernlova (Søvig, 2009).

2.2.5 Barnevernlova

Føremålet med barnevernlova er todelt:

«Å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår» (Syse, 2011, s. 285).

Det er etter barnevernlova og barnelova eit grunnleggjande prinsipp at avgjerder som vert gjort skal vera til «barnets beste», og at barn og unge sine synspunkt og meiningar skal verta høyrde. Gjennom lovverk vert «barnets beste» rekna som ein overordna grunnverdi, som og er i tråd med FN sin barnekonvensjon om barn sine rettar (Lindboe, 2012).

Sjølv om grepet er ikkje eintydig. Her vil ulike faginstansar sine vurderingar og skjøn gjera seg gjeldande, noko som skuldast at saker og individ er ulike. Dermed vil og innhaldet i omgrepet kunna endra seg over tid (Ibid.).

Det har og vorte stilt spørsmål ved om omgrep som «det foretrukne» og «hva som er godt nok» er meir dekkande for det praktiske barnevernet (Schjelderup, Omre, Marthinsen, Horverak, & Hyrve, 2005, s. 22).

Som ei følgje av at FN sin barnevernkonvensjon vart innlemma i norsk lov, fekk barn over 7 år rett til å verta høyrte. Før var alderen 12 år. Barnevernlova av 1993 vart såleis endra i 2003. Barn sin rett til å opptre som part, og barnet sin uttalerett vart då nedfelt i § 6.3 i barnevernlova. Barn sine rettar er her knytt til retten til sjølv å kunna ta avgjerder, rett til å verta høyrd og til å utøva partsrettar. Lovendinga har hatt som mål å gje barn og unge utvida rett til medverknad (Søvig, 2009). Barn sin rett til medverknad i institusjon er fastsett i § 5-9 i barnevernlova kor det heiter:

«Institusjoner skal drives slik at barna selv kan bestemme i personlige spørsmål, og ha det samvær med andre som de ønsker, så langt dette er forenlig med barnas alder og modenhet, med formålet med oppholdet, og med institusjonens ansvar for driften, herunder ansvar for trygghet og trivsel» (Tjelflaat & Ulset, 2007, s. 11).

Eit anna tilhøve som påverkar barn sine rettar når det gjeld medverknad er «rettighetsforskriften».

2.2.6 «Rettighetsforskriften»

Rettighetsforskrifta er heimla i barnevernlova § 5-9, og er ei sentral forskrift som inneheld viktige rettar for barn og ungdom under opphald ved barneverninstitusjonar. Mellom desse er barn og unge sin medverknad. Når det gjeld medverknad går det mellom anna fram av § 1 i føremålet til forskrifta at barneverninstitusjonane skal leggja til rette for å gje barn og ungdom oppleving av meistring, og vidare det å verta sett og høyrd.

Ein sentral rett for ungdom er § 7 i forskrifta som handlar om ungdom sin rett til vern av personleg integritet. Her går det fram at kvar einskild ungdom så langt som mogeleg sjølv skal kunna ta avgjerder i personlege spørsmål. Av § 7, punkt a – d, heiter det at institusjonen mellom anna skal:

- a) «sørge for at beboeren får ivaretatt retten til å bli hørt og retten til medbestemmelse, herunder får delta ved utformingen av institusjonens daglige liv og ved avgjørelsen av andre forhold som berører beboeren,
- b) legge til rette for at beboeren får ivaretatt sine personlige interesser og delta i ønskede fritidsaktiviteter,
- c) vise respekt for og ta hensyn til beboerens og foreldrenes livssyn og kulturelle bakgrunn,
- d) vise respekt for beboernes rett til tanke- samvittighets- og religionsfrihet».

(Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2012, s. 3).

Av merknadane i rundskriv Q-19/2012 (2012) går det av § 7, tredje ledd fram at god og tilpassa informasjon er ein føresetnad for at barn skal kunna få seia si meining og verta høyrd. I kommentarane til rundskrivet vert det mellom anna trekt fram at det er viktig at barn så langt det er forsvarleg skal få høve til å koma med innspel og delta i ulike avgjerdsprosessar. Det vert vist til at det å ta barn sine meiningar på alvor vil vera eit godt utgangspunkt for forbetringar. Barn kan gje verdifulle innspel som kan vera med på å betra deira eigen situasjon og utvikling av tilbodet ved institusjonane. Vidare vert det vist til at det å ta barn med på råd og at dei får delta i ulike samanhengar, medfører at dei kan oppleva å få vera ein ressurs. Det å oppleva å verta teken på alvor kan og gje auka sjølvrespekt, og større respekt for avgjerder som vert fatta av tilsette ved institusjonen (ibid.).

2.2.7 Forskrift om kvalitet i barneverninstitusjonar – «Kvalitetsforskriften»

Ei anna forskrift som regulerer barn og unge sin medverknad er Forskrift om kvalitet i barneverninstitusjonar (2003). Kvalitetsforskrifta er heimla i barnevernlova § 5-10, og skal medverka til å sikra forsvarleg standard på barneverninstitusjonane. Forskrifta handlar om barn og unge si deltaking og medverknad på daglege gjeremål som er meiningsfulle for felleskapet. I kvalitetsforskrifta § 9 heiter det:

«Beboerne skal sikres deltakelse og innflytelse i saker som gjelder institusjonens daglige rutiner og gjøremål, felles fritidsaktiviteter og lignende» (Tjelflaat & Ulset, 2007, s. 12).

Sjølv om barnevernlova og forskrifter skal vera med på å sikra barn og unge sine rettar og medverknad på barneverninstitusjonar, er det vanskeleg å gjennomføra desse utan innsatsen frå dei tilsette som arbeider ved institusjonane. Det vil ofte vera naudsynt og utvisa skjøn, og at skjøn vert utvist ansvarleg og på ein best mogeleg fagleg og etisk måte (Tjelflaat & Ulset, 2007). Som ein har sett har synet på barn endra seg ved at det har vorte eit auka fokus på barn og deira rettar. Gjennom politikk og offentlege dokument om barn sin situasjon og levekår vert det vektlaagd at barn skal ha rett til deltaking (Slettebø & Seim, 2007).

2.3 Brukarmedverknad

Termen brukar og brukarmedverknad er historisk sett henta frå forbrukarsamanheng. Her var meininga at forbrukarane si stilling skulle styrkast i høve til leverandørar og produsentar. Seinare har nemninga brukar og vorte teke inn i helse- og sosialsektoren, og vorte eit alternativ til klient, hjelpetrengande og pleietrengande. Føremålet var å bryta ned ei oppfatning om at klientar var passive mottakarar, som ei motvekt mot ekspertkunnskapen (Koch & Koch, 1995). Brukarmedverknad oppstod på 1960-talet; der verdiar som likskap og rettferd var sentrale. Bruken av omgrepet kom inn i det norske språket på 1980-talet som følgje av formidling av politiske verdiar som aktivitet, ansvar og plikter som skulle formidlast til brukarar. Føremålet var at brukarar ikkje berre hadde rett til, men og plikt til å delta, påverka og vera aktive (Ørstavik, 1996).

Dei seinare åra har det vorte større merksemd på medverknad innan barnevernet, og anerkjenning av at ungdommar si stemme er viktig, noko som mellom anna heng saman med synet på det autonome barnet og deira rettar. Sidan 1990-talet har det vorte eit aukande fokus

på teoriar innanfor det som vert omtala som ein rettighetsdiskurs (Kjellevold, 2005). Her inngår sentrale omgrep som brukarmedverknad og empowerment.

Det finst ulike definisjonar på omgrepet brukarmedverknad, men eg har valt å ta utgangspunkt i følgjande forklaring:

”De som berøres av en beslutning, eller er brukere av tjenester, får innflytelse på beslutningsprosesser og utforming av tjenestetilbudet”
(St.meld.nr. 34 (1996-97) i Rønning & Solheim, 1998, s. 31).

Brukarmedverknad vert ofte sett på som eit honnørord og vagt når det gjeld konkret innhald. Sjølve omgrepet brukarmedverknad kan tredelast: – brukar – med – verknad. I praksis vil det seia at brukarane skal ha faktisk innverknad, og at brukarmedverknad samsvarar med deira interesser. Brukarmedverknad kan og sjåast som eit verkemiddel for å oppnå ei meir effektiv eller betre behandling (Froestad & Jensen, 1985). Det vektlegg ideal og verdiar som det er lett å slutta seg til, men samstundes handlingar som kan vera vanskeleg å setja ut i livet (Jenssen og Tronvoll 2012). Omgrepet medfører ikkje at brukarane suverent skal avgjera alt sjølve, men at dei vert gjevne informasjon, får høve til å uttala seg, og vert tekne med i drøftingane rundt avgjerdene (Skivenes 2005).

Seim og Slettebø (2007) viser til at brukarmedverknad vert omfatta av former for samarbeid som gjeld både deltaking og medverknad. Innan forskning er det mellom anna sett på verdien av at barn sjølve får vera med på å påverka eigen situasjon (medbestemmelse). Det vert vist til at barn med positiv sjølvtilit, som opplever meistring og kontroll, oftast vil klara seg betre når det gjeld å takla negative utfordringar og påkjenningar (Gautun, Sasaoka, & Gjerustad, 2006). Brukarmedverknad kan og ha fleire former, som no vert sett nærare på.

2.3.1 Former for brukarmedverkad

Det finst ulike måtar å gruppera medverknad på. Humerfelt (2005) deler inn brukarmedverknad i tre deler:

Individuell

Individuell brukarmedverknad vil seia at brukarar har medverknad i eiga sak. Føremålet kan til dømes vera at barnet eller familien får innverka på sin eigen situasjon. Det er vanleg at det er barnet som er i fokus med individuell brukarmedverknad, men også familie, nettverk eller andre hjelpeinstansar som til dømes familieråd kan vera med. Når dei sistnemnde instansane er med, vert det rekna for å vera individuell medverknad (Humerfelt, 2005).

Gruppenivå

Brukarmedverknad på gruppenivå vil her føregå mellom ei gruppe brukarar og helse- og sosialarbeidarar. Her har brukarane sjølve høve til å påverka utforminga av dei offentlege tenestene som dei kjem i kontakt med (Ibid.).

Samfunnsnivå

Brukarmedverknad vil her føregå i mellom brukarar og offentlig forvaltning. Til dømes når det gjeld å påverka sentrale styresmakter for å betra på lover og retningslinjer. Lokalt kan det føregå ved framlegg til betring av sider ved barneverntenesta (Ibid.).


Ein annan måte å inndela brukarmedverknad på er Koch (1995) som opererer med fem nivå:

- Å få informasjon (få vita om kva som skal føregå, vurderingar, planar og avgjerder).
- Å ha talsperson (barn kan velja å ha med seg ein talsperson).
- Ha talerett (barnet legg fram sitt syn, og legg fram sine ønskje).
- Ha forhandlingsrett (barn si deltaking i drøftingar om tiltak i si eiga sak).
- Ha avgjerdsrett (medfører at det er mogeleg å ta avgjerder om planar og prioriteringar).

Graden av medverknad kan med andre ord variera, også tilhøve ved barna sjølve kan påverka deira eigen situasjon i så måte (Willumsen, 2005).

2.3.2 Dimensjonar ved brukarmedverknad

Dimensjonane som ligg i brukarmedverknad er nærare drøfta av mellom anna Sherry Arnstein (1969), som har illustrert ulike former for deltaking ved å nytta ein stige som eit bileteleg uttrykk. Stigen er utvikla for å få fram og drøfta deltaking for individ som deltek i prosjekt i lokalsamfunnet, men vert og nytta i barnevernsamanheng, og er teke med nedanfor:



Figur 1. *Eight Rungs on a Ladder of Citizen Participation (Arnstein 1969:217)*
(egen oversettelse i kursiv)

Sherry Arnstein sin brukarmedverknadsstige (Slettebø & Seim, 2007, s. 31).

Føremålet med denne inndelinga, som illustrert i stigen, er at brukarane skal ha påverknad dersom brukarmedverknad skal ha eit verkeleg innhald, utan har det ikkje noko mening (Slettebø & Seim, 2007).

Som det går fram av Arnstein sin brukarmedverknadsstige er det fleire hindringar som kan oppstå når det gjeld barn og unge sin medverknad.

I dei tre øvste nivå av stigen har individ makt eller påverknad; illustrert gjennom deltaking frå barn anten gjennom borgarstyring, delegert makt (som gjev brukarane makt til å påverka og styra resultatet) eller partnerskap (når brukarane får høve til å vera med på å forhandla om resultatet og vert tekne med i avgjerdsprosessane).

Trinnet under; rådgjeving gjev brukarane høve til å gje råd, men ikkje makt til å følgja opp råda. Dei neste trinna under rådgjeving er konsultasjon og rådgjeving. Der får brukarane høve til å seia si meining og verta høyrd (til dømes gjennom spørjeskjema), men gjev elles ikkje nokon garanti for at barn sine synspunkt vert nytta.

Nederst er stigen illustrert med terapi og manipulasjon (ikkje deltaking), der individ ikkje vert tekne med, eller berre grader av skinndeltaking (Seim & Slettebø, 2007).

Brukarmedverknad har vidare både positive og kritiske sider ved seg.

2.3.3 Positive og kritiske sider ved brukarmedverknad

Medan nokre meiner det er positive sider ved brukarmedverknad, er det og andre som meiner det finst negative sider. I oversikta nedanfor er det sett opp eit oversyn når det gjeld positive og kritiske sider ved brukarmedverknad:

Positive sider

- Demokratitankegang.
- Positivt i terapiesamanheng;
- Det å verta lytta til og teken på alvor kan medverka til ei oppleving av å vera ein ressurs.
- Auka sjølvrespekt.
- Styrka meistringsoppleving
- Meir positivt sjølvbilete.
- Medverka til større trivsel i kvardagen.
- Positiv resultat når det gjeld brukarmedverknad kan verka inn på den faglege kvaliteten.

Utfordrande sider

- Skilnad mellom teori og praksis, og korleis brukarmedverknad vert praktisert ved institusjonane.
- Kan svekka den faglege utviklinga.
- Kan verta oppfatta som ein trussel mot fagleg autonomi, og utøving av fagleg skjøn.
- Kan verta skinndemokrati, i det makta til å ta avgjerder ofte ligg til institusjonane, og er regelbunden.
- Spenning som kan oppstå mellom rett til vern og medverknad.

(Slettebø & Seim, 2007).

Så langt har det vorte sett på ulike sider ved omgrepet brukarmedverknad. Eit anna omgrep som heng saman med brukarmedverknad er empowerment, som det no vert sett nærare på.

2.4 Empowerment

Det finst ulike definisjonar og forståing av omgrepet empowerment. Omgrepet har ikkje noko eintydig definisjon, men viser ofte til myndiggjering. Andre igjen nyttar definisjonar som *selvoppreising*, og *mobilisering* (Slettebø, 2000). Mange meiner at empowerment ideologien har sitt opphav i borgarrettsrørsla mot fattidom og rasisme i USA mot slutten av 1970 åra, og med kvinnefrigjeringa. Empowerment byggjer og på Freires (Freire i Slettebø, Brodtkorb, Dietrichson, & Øien, 2011) sine tankar om kritisk dialog, bevisstgjerung og pedagogisk opplæring. Freire viser til at empowerment kan knytast til radikalt sosialt arbeid. I følgje han handlar det om ei bevisstgjerung av undertrykte, noko som kan føra til krav om menneskelege forbetringar og samfunnsendingar (ibid.).

Det fins ulike måtar å forstå empowerment på, men eit felles utgangspunkt er at det handlar om korleis personar eller grupper som er i ein avmaktsituasjon kan opparbeida seg kraft og styrke til å koma seg ut av avmakta. Gjennom ei slik mobilisering kan dei motarbeida krefter som held dei nede, og dermed opparbeida større kontroll, makt og styring over eige liv. Ei slik tilnærming har eit ressursorientert perspektiv. Individ som er i ein avmaktsituasjon vert sett på som handlande, aktive subjekt som kan og vil endra føresetnadane, dersom tilhøva vert lagt til rette for det. Empowerment som retning vektlegg mellom anna partnerskap mellom brukar og sosialarbeidar, der sosialarbeidaren arbeider med utgangspunkt i brukaren som kompetent og dyktig. Sosialarbeidaren skal kunna ta brukaren sitt perspektiv og skjønna kva barrierar han/ho opplever. Vidare at brukaren skal hjelpast til sjølvinnsikt. Slik kan brukaren få ei oppleving av personleg makt, og verta sett i stand til å forbetra sin livssituasjon (Askheim, 2007).

Empowerment er og sentralt i samanheng med makt, og tyder å gje autoritet eller makt til, tillata og gjera i stand til. Det er viktig at individ skal ha innverknad og makt til å kunna påverka eigne levekår. Omgrepet heng saman med brukarmedverknad då brukarar skal gjevast rom for å verta høyrde, og så langt som råd kunna ta eigne avgjerder. Empowerment er oppteken av at brukarar skal ha makt og styring over eige liv, og sjølv kunna ha styring så langt som råd er. Denne tilnærminga endrar ikkje på makttilhøvet mellom hjelpar og brukar, men gjev føringar i retning av likeverdige posisjonar i det praktiske hjelpearbeidet. Barn og ungdom vil ofte ut frå eigen situasjon vera i stand til å definera eigne vanskar, og finna eigne løysingar i fellesskap saman med andre (Slettebø, 2000).

Empowerment er både eit mål, ein metode og prosess i sosialt arbeid. Målet er å søkja å auka individuell/kollektiv makt slik at individa sine levekår og livskvalitet kan betrast. Gjennom å auka makta til individet, eller gruppa, er målet å førebyggja eller endra på tilhøve som er årsakene til at problem oppstår. Metoden har ei ressursorientert tilnærming, med fokus på partnerskap, likeverd, samarbeid, brukarmedverknad, og ein maktanalyse av situasjonen til individet. Prosessen handlar om utvikling av sjølvtilitt, personleg ansvar, auke av eigen kompetanse og det å tilhøyra ei gruppe (Slettebø, 2000).

Empowerment har og fokus på individ og lokalsamfunn, og har ikkje så mange nivå som brukarmedverknad. Det er i saker som gjev individet høve til å påverka og medverka sin eigen situasjon at empowerment er sentralt. Med andre ord det som individa sjølve opplever som sentrale for deira eige liv. Innan empowerment vert det vektlegg at det er brukarane som skal ha retten til å definera sine eigne problem og vera med på å avgjera kva slag hjelp dei har trong for. Gjennom ei slik tilnærming er det med på å gje brukaren makt og kontroll i situasjonen (Ibid.).

2.4.1 Utfordrande og kritiske sider ved empowerment

Det vil og vera ein del utfordrande og kritiske sider ved empowerment som perspektiv, noko som til dømes kan vera:

- Empowerment som prosess kan vera krevjande. Det kan ta lang tid for den som yter hjelp til å rettleia og få brukaren med seg i prosessen.
- Det kan liggja ei ansvarsfråskrivning ved at sosialarbeidaren ser på barn som sin eigen «lykkes smed». Dermed kan barn lett verta overlatne til seg sjølve utan tilstrekkeleg oppfølging.
- Om den som hjelper ikkje vedkjenner seg brukaren sin eigen kompetanse, vert det vanskeleg å mobilisera hans/hennar ressursar.
- Dersom sosialarbeidaren ikkje er viljug til å gje frå seg makt og styring, vert det vanskeleg å oppnå myndiggjering for brukaren.
- Personlege tilhøve hos brukarane kan påverka empowermentprosessen. Dersom brukarar ikkje har overskot på grunn av psykiske vanskar/sjukdom, kan det vanskeleggjera myndiggjering.
- På samfunnsnivå kan det og vera ein fare ved at ein desentraliserer ansvar, men utan oppfølging av mynde og makt til brukarane. Det er viktig å vera observant på både svake og sterke sider ved styrkeperspektivet ved planlegging av tiltak for barn og ungdom (Rønning & Solheim, 1998).

Eit anna tilhøve som kan påverka brukarmedverknad og empowerment er styrkeperspektivet, som no vert sett nærare på.

2.5 Styrkeperspektivet

Styrkeperspektivet er nært knytt til empowerment, og har som mål å anerkjenna og byggja på den einskilde sine styrker, evner, ressursar og kompetanse. Omgrepet kjem opphavelig frå psykiatrien. Professor Dennis Saleebey ved Universitetet i Kansas og Bertha Saleeby er to sentrale personar når det gjeld å utvikla styrkeperspektivet (Saleebey, 2009). Perspektivet heng og saman med det nye synet på barn, knytt opp mot ein demokratisk tankegang på barndom, og legg ikkje vekt på dei negative opplevingane til individa. Både styrkeperspektivet og empowerment har som utgangspunkt å oppmuntra til å ha tru på individet sine egne ressursar og vektlegg å leggja til rette for å verta ein del av samfunnet (Ibid.).

Styrkeperspektivet legg mellom anna følgjande til grunn:

- «Brukere har kapasitet til selv å avgjøre hva som er best for dem. De er ikke avhengige av profesjonelle for å definere hva som er deres beste interesser.
- Profesjonelle sosialarbeidere tenderer til å fokusere brukeres problem og mangler samtidig som de ignorerer brukeres styrke og ressurser.
- Et samarbeidende partnerskap vil reflektere og bygge brukeres kapasiteter.»

(Omre & Schjelderup, 2009, s. 50).

Styrkeperspektivet har ei løysingsorientert tilnærming i sosialt arbeid med fokus på brukarane sin rett til å ta egne avgjerder. Såleis er eit slikt perspektiv med på å styrkja opp under brukarmedverknad. Gjennom styrkeperspektivet etablerer sosialarbeidaren og brukarane eit samarbeid. I staden for at sosialarbeidaren ser på problem eller manglar hos brukaren, er fokuset på brukaren sine ressursar og styrkar. Eit sentralt kjenneteikn ved perspektivet er at brukarane sjølve er i stand til å definera kva som er til det beste for dei (Omre & Schjelderup, 2009).

2.5.1 Utfordrande og kritiske sider ved styrkeperspektivet

Kritiske sider ved eit slikt perspektiv kan mellom anna vera:

- Det å arbeida ut frå eit styrkeperspektiv kan vera krevjande. Perspektivet byggjer på ein likeverdig og god relasjon mellom sosialarbeidarar og brukarar, som ikkje alltid er like lett å oppfylle i praksis. Det kan vera fleire utfordrande sider ved det å arbeida med styrkeperspektivet. For sosialarbeidaren handlar det mellom anna evne om og vilje til aktiv lytting og empati i møte med barn (Healy, 2009).
- Eit einseitig fokus på styrkar. Ved for stor vektlegging av styrkar, kan ein medverka til å gjera problema verre, snarare enn å løysa dei.
- At det vert lagt for stort ansvar på individet sjølv. Ved ei slik fokusering kan det medføra at ein ikkje så lett ser individet sine sårbare sider, og konsekvensar for ulike livsvanskar og traumar. Barn har trong for å verta støtta når det gjeld både kjensler, opplevingar og røynsler, og då vert det viktig at ikkje styrkeperspektivet vert innsnevra, eller sett på som ei hindring når det gjeld støtte og omsorg for barn som har trong for det.
- Manglande erkjenning av strukturelle hindringar for barn si oppnåing av autonomi.
- At det er ulikt kva individ legg i styrke ut frå ulike kulturar. Det som vert rekna for å vera ein styrke i ein kultur, kan reknast for å vera svak i ein annan kultur (Ibid.).

Brukarmedverknad, empowerment og styrkeperspektivet har ein nær samanheng. Gjennom yrkesutøvinga vil sosialarbeidarar i kvardagen ofte måtte gjera ulike avvegingar når det gjeld praktisering av perspektiva. I samband med dei ovannemnde perspektiva vil og makt spela inn (Slettebø, 2000).

2.6 Makt

Ulike avvegingar i sosialt arbeid er vanleg når sosialarbeidarar arbeider med ungdommar ved barneverninstitusjonar. Tilhøvet mellom sosialarbeidarar og ungdommar er mellom anna kjenneteikna av eit asymmetrisk tilhøve ved at sosialarbeidaren gjennom si rolle er tillagt stor makt og mynde. Makta til sosialarbeidaren kan få følgjer når det gjeld omsynet til barn og brukarmedverknad ved barneverninstitusjonar. Makt er eit vidt omgrep som det finst ulike

definisjonar på. Max Weber (1971) definerer makt som det å få gjennomført sin eigen vilje, trass i at andre gjer motstand.

Makt kan og definerast som:

- «- Evne til å få det en trenger (realisere sine interesser, tilgang til goder, ressurser/tjenester osv (materielle verdier som penger, sosiale verdier osv).
- Evne til å påvirke hvordan andre tenker, føler, handler og tror (makt over andre, få dem til å gjøre hva en vil, selv om de yter motstand) og ved hjelp av straff eller belønning.
- Evne til å utøve innflytelse på fordelingen av ressurser i et sosialt system som i en familie, en organisasjon, et lokalsamfunn eller et samfunn».

(Dodd & Gutierrez 1990 i Slettebø, 2000, s. 79).

Sosialarbeidarar har stor makt til å både påverka og gjennomføra endringar, og makt kan sjåast i samanheng med roller og relasjonar. Det er først når makt vert sett i samanheng med sosial handling innanfor institusjonar at den vert forståeleg, og kan sjåast som ein eigenskap ved sosiale relasjonar (Engelstad i Kjølrsrød & Frønes, 2005).

I samband med makt er og omgrepet symbolsk makt sentralt. Den kjende sosiologen Pierre Bourdieu viser til at det er mange former for makt, som er ein del av det naturlege spelet som føregår mellom menneske i eit sosialt fellesskap. Bourdieu er særleg oppteken av makt som er tilslørt, noko han kallar for symbolsk makt. Denne forma for makt verkar først når den vert anerkjent av den andre parten. Symbolsk makt er ei usynleg form for makt ved at ei bestemt oppfatning av røyndomen vert framsett som objektiv og sann, og der ulike klassar kjempar for sine egne interesser (Wilken, 2008).

2.6.1 Positiv og negativ maktbruk

Ungdommar ved barneverninstitusjonar er ofte i sårbare situasjonar, og har trong for trygg og stabil vaksenkontakt. Som sosialarbeidar er det viktig å vera merksam på makta som ligg i rolla som yrkesutøvar. Makt kan brukast både positivt og negativt. Positivt ved at makt kan nyttast til å påverka brukarane i positiv lei ved å gje brukarane tru på seg sjølve og deira egne evner, og ved praktisk råd og støtte, kan vera hjelp til sjølvhjelp. Makta til sosialarbeidarar kan såleis vera eit sett av mogleggjerande ressursar (Aamodt, 1997).

Makt kan også nyttast slik at den vert negativ. Både gjennom handlemåtar og veremåtar kan ein medverka til å undertrykkja ungdom dersom makta vert utøvd urettvist. Makt kan nyttast både til å hjelpa, men og til å skada andre. Til dømes kan maktmisbruk føra til undertrykking, som igjen kan føra til avmakt (Skau, 2011).

Sosialarbeidarar ved barneverninstitusjonar har ofte høve til å avgjera ulike spørsmål som kan få store konsekvensar for barn og ungdom under opphald. For å sikra brukarmedverknad, vil det vera viktig å ha ungdommar med seg, og å spela på deira lag. Som ein av del av sosialarbeidarrolla er det sentralt å ha fokus på brukarane sine utfordringar og synleggjera den kompetansen dei har sjølve. Vidare at yrkesutøvaren ikkje utøver rolla si slik at barn eller ungdom kjenner seg krenka eller handsama på urimeleg vis (Engelstad i Kjølrsrød & Frønes, 2005).

Dersom ein ikkje lyttar til brukarane sine eigne problem og trekkjer dei med inn i løysingsframlegg, kan ein koma skeivt ut, noko som kan føra til avmaktskjensle hos barn og ungdom. Avmakt kan ha fleire former ved at individet har små ressursar og opplever å ikkje koma nokon veg mot institusjonen (Grønningsæter, 2007).

Det viktig at sosialarbeidarar reflekterer over handlemåtar som kan medverka til å undertrykkja dei ein er sett til å hjelpa. Ofte er ungdommar ei sårbar og utsett gruppe, som lett kan oppleva avmakt i ulike situasjonar (Slettebø, 2000).

Eit anna omgrep som gjer seg gjeldande i samband med makt er etikk.

2.7 Etikk

For å ivareta barn og unge sin situasjon under opphald i barneverninstitusjon vil sosialarbeidarar ofte stå over for ulike val og handlingsalternativ som og handlar om etiske vurderingar. Etikk kjem av det greske omgrepet Ethos, som tyder «sedvane» eller «skikk». Som fag har etikk røter attende til antikken, og er samansett av ei rad ulike teoriar, omgrep og metodar. Etikk framstår ikkje som ein nøytral eller objektiv vitenskap med opplagte svar, det handlar om normative spørsmål eller vurderingar (Nordby, 2013).

Lingås (2008), s. 20 definerer etikk som:

«den verdibaserte refleksjonen mennesker gjør om sine holdninger, sine handlinger og sin adferd for å unngå at de verdiene de setter høyt blir forsømt eller krenket, eller for å fremme realisering av disse verdiene».

Etikk kan med andre ord forklarast som ein systematisk refleksjon og tenkning om kva som er moralsk godt, rett og rettferdig (moralisk praksis). Gjennom etikk kan ein setja søkjeljos på moralske spørsmål ved at ein spør seg om kvifor noko er rett eller gale, og om reglar som vert lagt til grunn kan grunnjevast. I dagleglivet vert ofte etikk nytta på same måte som omgrepet moral. Moral kjem frå latin; mos, fl. Mores og tydde opphaveleg det same som ethos, men likevel dekkjer omgrepa etikk og moral ulike område. Medan etikk er refleksjon over moralske handlingar, rettar moral seg mot oppfatningar om kva som er rett og gale når det gjeld egne eller andre sine handlingar. Moral kjem først til uttrykk gjennom det me gjer. Uttalar ein at ei handling er moralsk forsvarleg så vil det seia at den er i samsvar med det som ein meiner er rett. Når ein gjer ei moralsk vurdering spør ein ofte om noko er rett eller gale. Dersom ein veit kva som er rett, men ikkje lever opp til det i praksis, opplever ein som individ å ha eit moralsk problem (Aadland, 1998).

2.7.1 Dimensjonar ved etiske utfordringar

Graden av etiske utfordringar kan variera, alt etter kven som er involvert og kva situasjon det er tale om. I litteraturen vert det skilt mellom eit etisk problem og eit etisk dilemma.

Etisk problem

Eit etisk problem oppstår når ein undrast på korleis det er rett å handla, og at det ikkje utan vidare er noko opplagt løysing på problemet. Kjenneteikn ved etiske problem er at det står verdiar på spel som det er vanskeleg å få gjennomslag for i situasjonen. Når det oppstår eit etisk problem som må løysast, kan det alt ut frå kva situasjon det gjeld vera utfordrande.

Eit etisk problem ved bareverninstusjonar kan oppstå når det er vanskeleg å ta stilling til kva som vil rett eller gale, godt eller vondt. Sosialarbeidaren står over for eit etisk problem når ein lurar på korleis det er rett å handla over for andre, og sjølve problemet ikkje har noko sjølvstøtt løysing (Nordby, 2013).

Eit anna etisk problem som kan dukka opp i samband med medverknad kan til dømes vera korleis barneverninstitusjonar legg til rette for at barn får med å avgjera i personlege spørsmål i samsvar med barnevernlova § 5-9 første og andre ledd og vern om personleg integritet etter «rettighetsforskriften» § 7, kapittel 2 (Lindboe, 2012).

Etisk dilemma

Eit etisk dilemma oppstår når ein står overfor og må velja mellom minst to handlingsval som begge vert opplevd som like vanskelege, og der ikkje nokon av vala verkar som opplagt rette. Det er ikkje lett å ta stilling til kva som er til det beste for barn når det oppstår eit etisk dilemma. Etikk set ikkje berre fokus på kva som er til det beste for barn, men og på konsekvensar av det som ein unnlet å gjera. Når ein står over for eit etisk problem ved barneverninstitusjonar vil nokre sosialarbeidarar kunna verta freista av rask handling. Andre vil lytta audmjukt til dei som er involverte og prøva å finna tenlege løysingar; etter å ha tenkt godt gjennom situasjonen.

Både evne til å handla og det å vera audmjuk er sentrale eigenskaper. Her vil mellom anna verdiar, normer og haldningar spela inn (Lingås, 2008).

Verdiar

Verdiar stammar frå latin og tyder «å være verdt noe», og har bakgrunn frå økonomi. Dei seinare åra har omgrepet fått ei utvida tyding og står for det som er grunnleggjande verdfullt for menneske, til dømes det ein ønskjer å arbeida for, verna om og ta vare på. Gjennom ord og handlingar kjem verdiar til uttrykk som mål, ideal og prioriteringar. Sentrale verdiar ved barneverninstitusjonar kan vera knytt til ivaretaking av personleg integritet, rettsvern, rettferd, toleranse, vern mot diskriminering, rett til å verta respektert som individ og «barnets beste» som ein overordna grunnverdi (ut frå det som tener barnet best). Verdispørsmål gjer seg særleg gjeldande ved utfordrande og kritiske situasjonar som oppstår når det vert gjennomført etiske vurderingar ut frå kva som tener barn best. Her spelar og vurderingar som byggjer på tilsette sin bruk av skjøn inn (Barne- likestillings-og inkluderingsdepartementet, 2012). Dei fleste helse- og sosialfaglege yrkesretningane har utarbeidd eigne etiske verdidokument. Slike dokument kan vera utforma som reglar eller retningsliner eller kan vera av meir overordna og heilskapeleg karakter til hjelp i arbeidet med etiske vurderingar (Aadland, 1998).

Fellesorganisasjonen (FO) vedtok eit eige grunnlagsdokument i 2002 som ei rettesnor for yrkesutøving innan sosialt arbeid. Målet for grunnlagsdokumentet er mellom anna å styrkja etisk medvit og handling hos yrkesgruppa, og gje inspirasjon og rettleiing for etisk refleksjon og drøfting i arbeidet med brukarane. Sentrale prinsipp i grunnlagsdokumentet byggjer på at alle menneske har ein ukrenkjeleg verdi, respekt for einskildindividet, heilskapssyn på mennesket, likeverd og ikkje-diskriminering. Vidare verdiar som tillit, det å vera open, redeleg, omsorg og nestekjærleik, ivaretaking av konfidensialitet og teieplikt, varslingsansvar, rettferd, solidaritet, likskap for lova og individuelt ansvar. Konkret yrkesutøving vil krevja at den einskilde yrkesutøvar i ulike situasjonar må kunna kombinera faglege vurderingar med yrkesetiske verdiar og haldningar (Fellesorganisasjonen (FO), 2002).

Normer

Normer er ei rettesnor for menneskeleg oppførsel gjennom reglar eller prinsipp som tillet eller forbyr ei handling eller handlemåte. Normer er forankra i verdiar, og kan forklarast med ein regel, rettesnor eller retningsliner, og vert kjenneteikna språkleg ved omgrep som «må», «skal» «bør», «kan», eller «hjelp», «respekter», «gå». Slike normer kan og vera kulturelt retta i vårt fleirkulturelle samfunn; og då til dømes fleirkulturelle barneverninstitusjonar.

Gjennom normer vert det sett fokus på rette handlingar, for å fremja og verna om verdiar. Det finst både formelle normer (reglar og retningsliner), og uformelle og uskrivne (til dømes for skikk og bruk, god oppførsel). Ved barneverninstitusjonar kan normene ofte verta testa ut i møtet mellom ungdom og sosialarbeidarar (Nordby, 2013).

Haldningar

Våre eige haldningar vil og kunna påverka etiske val som vert gjort. Haldningar vert kjenneteikna ved at det er ei meining, innstilling eller oppfatning som ein person har, og som ein kan seia har ei djupare meining. Meininger kan endrast, men heng oftast saman med haldningar som individet har. Haldningar vert omfatta av både kjensler, tankar og handlingar. Ved barneverninstitusjonar kan sosialarbeidarar vera merksame på sine eigne handlingar i møte med ungdommar gjennom både veremåte og handlingar. Til dømes vil det vera skilnad å møte ungdom på ein inkluderande måte i motsetnad til det å utvisa fordommar. Slik sett vil det vera viktig å vera medviten sine eigne etiske haldningar i møte med ungdommar, noko som og vil utfordra sosialarbeidarar (Nordby, 2013).

2.7.2 Utfordrande sider ved etisk arbeid

Etiske vurderingar gjev ikkje absolutte svar på alt, men etikk er å stilla spørsmål på ein slik måte at det systematisk set søkjeljos på moralske utfordringar. Det å ha trening i gjennomføring av etisk refleksjon vert sentralt ved fagleg skjøn i yrkesutøvinga.

Etikk og kommunikasjon heng nøye saman. Her vert sosialarbeidaren utfordra både når det gjeld evne til aktiv lytting, til å oppdaga korleis andre vert råka, ved vurdering av kva verdiar som står på spel og kva alternative handlingsval som finst (Eide, 2008).

Samla sett vert sosialarbeidaren si evne og vilje til kritisk refleksjon viktig i sosialt arbeid. I faglitteraturen vert det vist til at praktisk etikk bør finna ein naturleg plass i fagleg arbeid. Kvar einskild tilsett er ansvarleg for sine eigne etiske val, men det er og viktig med tid og rom for felles drøftingar av etiske problemstillingar. Er til dømes sosialarbeidaren sine ulike etiske haldningar ei utfordring?

Etikk har ikkje noko fasitsvar. Vidare kan ein stilla spørsmål ved om ulike etiske synspunkt kan medføra ulik praksis, og kan det i så fall ha konsekvensar for ungdommane?

Sentralt for eit godt fagleg arbeid er også vedvarande etiske vurderingar. Refleksjon i team samla vil og vera nyttig fordi ein kan sjå seg blind på eigne vurderingar. Gjennom å stilla spørsmål og reflektera over problemstillingar kan det gjera sosialarbeidaren meir medviten utfordringane som ein møter i praktisk yrkesutøving (Ibid.). Eit anna perspektiv som vil ha konsekvensar når det gjeld forståing av brukarmedverknad er symbolsk interaksjonisme.

2.8 Symbolsk interaksjonisme

For å forstå ulike sider ved brukarmedverknad, må ein sjå på korleis samhandlinga mellom ungdom og sosialarbeidarar ved barneverninstitusjonar fungerer. Eg har valt symbolsk interaksjonisme som perspektiv etter som det er ein teori som kan vera med på å forklara menneskeleg åtferd sett i samband med brukarmedverknad. Her vert symbolsk interaksjonisme eit perspektiv som kan vera med på å forklara korleis ein kan forstå ungdommar si åtferd, og ein måte å forstå røyndomen på. Sentrale personar i utvikling av perspektivet er Jane Addams, George Herbert Mead, Herbert Blumer og Erving Goffmann. Symbolsk interaksjonisme kan definerast som «en måte å forstå på, et perspektiv, et utgangspunkt for en analyse av den sosiale virkeligheten» (Levin & Trost, 2005, s. 10).

2.8.1 Kjenneteikn ved symbolsk interaksjonisme

Symbolsk interaksjonisme som perspektiv vert kjenneteikna av følgjande faktorar:

- Har fokus på samhandling mellom menneske, og mellom menneske og omgjevnader, meir enn på personen og samfunnet i seg sjølv.
- Søkjer etter deltakarane sine tolkingar av samhandling ut frå eit innan- og nedanfrå perspektiv. Med det vert meint at sosialarbeidaren prøver så godt som råd er å setja seg inn i den andre sin situasjon for dermed å kunna forstå han/henne.
- Menneske vert sett på som aktørar, som kan skapa endring.
- Vår identitet vert skapt i interaksjon med andre, og ved interaksjon med oss sjølv.
- Tek sikte på å forstå, ikkje forklara.
- Orientert mot situasjonar, ikkje problem.
- Korleis hendingar vert opplevd er viktigare enn kva som finn stad.

(Levin & Trost, 2005).

Symbolsk interaksjonisme legg vekt på kommunikasjonsmessige sider ved samhandling. Menneskeleg samhandling føregår gjennom symbol og oppfatningar om menneskeleg åtferd. (Ibid.). For sosialarbeidaren vert det å forstå ungdommar ved barneverninstitusjonar ut frå både kommunikasjon og tolking sentralt. Det stiller og evne for sosialarbeidaren til å lytta til brukaren, få fram hans/hennar røyst for å kunna forstå åtferd hos den andre (Tjelflaat & Ulset, 2007).

2.8.2 Hovudpilarar i symbolsk interaksjonisme

Perspektivet legg til grunn følgjande fem grunnpilarar (Levin & Trost, 2005): Definisjon av situasjonen, sosial interaksjon, symbol, vektlegging av aktivitet, og at me handlar «her og no». Nedanfor vert det sett på kvar av desse grunnpilarane.

2.8.3 Definisjon av situasjonen

Definisjon av situasjonen byggjer på Thomas-teoremet som går ut på at om eit menneske definerer eller oppfattar ein situasjon som verkeleg, er den og verkeleg i sine konsekvensar. I praksis vil det medføra at måten som ein forstår og tolkar røyndomen på vert avgjerande for korleis individet handlar. Opplevinga av situasjonen til individet er med på og dannar grunnlag for dei vala som vert gjort. Samhandlingssituasjonar vil ofte innehalda subjektive

faktorar, og det er ved å sjå på heile konteksten at ein kan forstå åtferd (Thomas og Thomas i Levin & Trost, 2005).

Ungdom handlar med bakgrunn i ulike situasjonar, noko som vert kjenneteikna av prosessar som føregår i samhandling. Korleis ungdommar definerer sin eigen situasjon med omsyn til brukarmedverknad vert viktig i denne samanhengen. For å forstå korleis brukarmedverknad ved barneverninstitusjonane fungerer vert det å samtala med ungdommar og miljøpersonale viktig (Tjelflaat & Ulset, 2007).

2.8.4 Sosial interaksjon

Sosial interaksjon er sentralt i symbolsk interaksjonisme. Gjennom sosial samhandling vert kvardagen delt med andre menneske, noko som kan føregå på ulikt vis. Til dømes verbalt ved måten ein uttrykkjer seg på, og nonverbalt gjennom lydar, mimikk og ansiktsuttrykk. Sosial samhandling med andre medfører innleving og forståing. Gjennom sosial interaksjon viser og Mead til at «selvet» vert utvikla, som eit produkt av interaksjonen som finn stad. Selvet er påverka av både oppvekst, sosialiseringsprosessar og påverknad frå andre nære personar som til dømes foreldre, slektningar, vener og lærarar. Selvet er ein livslang prosess, og vert dermed endra og er under utvikling heile livet (Levin & Trost, 2005).

I følgje Mead er selvet bygd opp av to deler: «me» og «I». Me vil seia nye røynsler som individ gjer seg, og korleis forventingane til den sosiale rolla vert oppfatta. «Me» viser til røynsler som individet har gjort seg, og er der kor nye røynsler vert gjort. Gjennom «me» vert og forventningar til den sosiale rolla oppfatta. «I» omfattar den spontane og kreative sida ved individet. Saman utgjer «me» og «I» selvet, som er ein del av identiteten til eit individ. Identitet kan forklarast med både korleis ein oppfattar seg sjølv og andre i ulike samanhengar. Sjølve identiteten er ikkje statisk, men endrar seg etter korleis menneske definerer situasjonar og samhandlar med kvarandre (Ibid.).

To andre omgrep som er sentrale når det vedkjem sosial interaksjon er «den generaliserte andre» og «signifikante andre». Den generaliserte andre viser i følgje Mead til einskildgrupper eller storsamfunnet. Gjennom sosial interaksjon og relasjonar med andre menneske vil individet på den måten ta opp i seg verdiar, normer og haldningar for deretter å gjera dei til sine egne gjennom samhandlingsprosessen.

Med omgrepet den signifikante andre viser Mead til at dette er personar som spelar ei stor rolle for individet, og vert dermed sentralt når det gjeld oppfatninga av selvet. Foreldre, slektningar, og nære vener kan vera døme på slike personar (Levin & Trost, 2005).

Ved barneverninstitusjonar kjem ein tett på ungdommar. Sosial interaksjon kan her vera knytt til det å samtala med ungdommar, og å vera saman med dei ut frå deira utgangspunkt.

2.8.5 Symbol

Språk og symbol set menneske i stand til å tenkja og reflektera. Symbol vert det som individ oppfattar på ein bestemt måte og får innverknad for kommunikasjon. Døme på symbol kan vera: Kjensler, tanker, førestillingar, røynsler, bestemte oppfatningar, hendingar og utsegn som vert tolka. Symbol er det som gjer at me kan forstå noko på ein bestemt måte. Symbol viser og til ord som gjennom interaksjon gjev og skapar meining. Det er når orda får meining, både for ein sjølv og andre, at dei vert symbol. Det er ikkje nok, ifølge Mead, at symbola er meiningsfulle, dei må og vera signifikante; det vil seia at sendar og mottakar må meina om lag det same (Ibid.).

Alle menneske ber med seg symbol gjennom til dømes verbalt språk og kroppsspråk.

Gjennom ansiktsuttrykk, eit smil, eit klapp på skuldra kan seia noko om den andre personen. Symbol er ein vegvisar til det som menneske opplever, ser, legg merke til og dermed får innverknad for korleis det vert respondert i ulike situasjonar (Charon & Cahill, 2001).

Ved ein barneverninstitusjon vil det å bruka eit språk som ungdommar forstår og som gjev meining vera viktig for dei, men her kan det liggja fleire utfordringar. Både ord og symbol kan ha ei kjenslemessig side, og at det ofte ikkje er lett å vera like objektive eller nøytrale i møte med andre. Såleis vil og dei kjenslemessige sidene ved menneske tilføra meining gjennom ord og symbol (Ibid.). Dette handlar og om å møta ungdommar der dei er, ut frå deira eigen situasjon gjennom støtte og hjelp. Ei slik hjelp vert ofte kalla for «stilas», og språket er ein viktig del av ei slik «stilasbygging» (Vygotskij, 2001).

2.8.6 Vektlegging av aktivitet

Vektlegging av aktivitet er sentralt i symbolsk interaksjonisme. Eit menneske er ikkje statisk, men endrar seg gjennom sosialisering og oppvekst. Vektlegging av aktivitet viser til ein dynamisk prosess, der individet er aktiv og som ein del av ein handlande prosess.

Ved at individet er aktivt vert handlingar sett på som verb i staden for substantiv.

Til dømes at ein ungdom ikkje vert sett på som ein statisk rusmisbrukar, men ein som kan gjennomføra handlingar som medfører rusmisbruk. Om ein ungdom er rusmisbrukar her og no, tyder ikkje alltid det på at han/ho vil vera det resten av livet. Ungdommen kan vera rusmisbrukar deler av livsløpet (Levin & Trost, 2005).

Ved vektlegging av aktivitet viser det til prosessar der individet kan endra åtferd. Sidan det kan vera vanskeleg å forutsjå menneskeleg åtferd og handlingar, vil det vera viktig for sosialarbeidaren å ha evne til empati. Empati er ein viktig del av det å forstå og setja seg inn i andre sin situasjon. Det å ha eit innanifrå perspektiv er viktig når det gjeld å ta brukaren sitt perspektiv; det å sjå den hjelpetrengjande sin trong for hjelp (Ibid.).

2.8.7 At me handlar og oppfører oss «her og no»

At me handlar her og no vektlegg at mennesket er handlande her og no og ikkje er oppteken av fortid. Ved her og no-situasjonar er ein ikkje oppteken av tidlegare årsaker og forklaringar. Mennesket er ikkje statisk, men endrar seg gjennom prosessar. Tidlegare røynsler kan verta henta fram for å forstå og handla i her og no-situasjonar. Ved å ta utgangspunkt i her og no, gjev det blanke ark som eit utgangspunkt for å sjå framover (Ibid.).

2.8.8 Kritiske sider ved symbolsk interaksjonisme

Symbolsk interaksjonisme som teori har vorte kritisert for å vektleggja individet i for stor grad. Her går innvendinga ut på at perspektivet i for liten grad legg vekt på samfunnet sine strukturar, og konsekvensane det vil ha å sei for menneskeleg åtferd. Med andre ord at perspektivet må supplerast når det gjeld sosiale strukturar og samfunn. Ein annan kritikk er at det vert for lita vekt på aktøren gjennom eit for sterkt fokus på samspelet mellom individ. Vidare at perspektivet må supplerast når det gjeld forståing av makt og dominans. Mead sine teoriar har også vorte omdiskutert ved at det vert vist til at dei er for vage med omsyn til bruk av omgrepsbruk (Larsen og Slåtten 2006).

2.9 Relasjons-og kommunikasjonsteori

Fleire undersøkingar om brukarmedverknad understrekar meininga av gode relasjonar og kommunikasjon mellom sosialarbeidar og brukarar (Bakke & Aubert, 2008). I denne delen vert det sett nærare på meiningsinnhaldet av omgrepa og kva dei har å seia for brukarmedverknad.

2.9.1 Relasjonar

For å skapa grobotn for brukarmedverknad vil det å opparbeida gode relasjonar vera verdfullt i møtet mellom sosialarbeidarar og ungdom. Relasjon er eit vidt omgrep, og det kan vera ulikt kva individ legg i det (Aamodt, 1997). Eg har valt å ta utgangspunkt i følgjande definisjon:

«I sosialt arbeid kan ein relasjon definerast som ein prosess der to eller feire personar er i gjensidig interaksjon med kvarandre. Ordet interaksjon tyder samhandling. Vi får då ein gjensidig påverknad, både kjensle- og tankemessig, mellom menneske som er i kontakt og kommunikasjon med kvarandre» (Oltedal, 1988, s. 55).

Mary Richmond, som har vorte rekna for ein av grunnleggjarane i sosialt arbeid, skreiv i 1917 saman med Jane Addams at individuelt sosialt arbeid handlar om «*en intens studie og bevisst bruk av sosiale relasjoner*» (Aamodt, 1997, s. 24). Seinare har relasjonsomgrepet vorte nytta i institusjonssamanheng, og byggjer på følgjande sju hovudprinsipp:

«Individualisering, hensiktsmessig uttrykk for følelser, kontrollert følelsmessig engasjement, aksepterende holdning, ikke dømmende holdning, klientens selvbestemmelsesrett, konfidensialitet» (Ibid. s. 24).

Det vil ofte kvila noko trygt og godt over ein god relasjon. For brukarar har det vist seg at relasjonen si meining er viktig når det gjeld å verta møtt på ein god måte. Tilhøve som respekt, aksept og omsorgsfulle relasjonar vert her trekt fram, eigenskapar som også vil ha innverknad på brukarmedverknad (Bakke & Aubert, 2008).

Meininga av ein likeverdig relasjon vert også understreka i sosialt arbeid. Det å oppnå ein god relasjon mellom sosialarbeidar og brukar oppstår ikkje av seg sjølv, men byggjer på ein samhandlingsprosess som fremjar tillit, tryggleik og ei oppleving av truverde og tilknytning (Røkenes & Hanssen, 2012). Når ein er inne på relasjon heng det og saman med kommunikasjon, som no vert sett nærare på.

2.9.2 Kommunikasjon

Kommunikasjon er ein sentral del av samhandling mellom individ, og kan påverka samhandling og forma på brukarmedverknad (Slettebø & Seim, 2007). Kommunikasjon kjem av det latinske verbet *communicare*, som tyder å gjera felles. Gjennom kommunikasjon vert samhandlingsprosessen påverka, og skapar eit opplevd fellesskap. Røkenes og Hanssen (2012) viser til at det som føregår i ein kommunikasjonsprosess er av avgjerande meining for kommunikasjonsprosessen. Brukarmedverknad handlar mellom anna om å verta sett og høyrte, og måten ein kommuniserer på vil påverka eit opplevd fellesskap. Idear om medverknad må koma til uttrykk gjennom konkrete handlingar, til dømes det å lytta aktivt, ha augnekontakt, stadfesta det den andre formidlar, stilla spørsmål og vera der for brukaren (Aamodt, 1997). Eit anna omgrep som heng nært saman med kommunikasjon er anerkjenning.

2.9.3 Anerkjenning

Anerkjenning er eit vidt omgrep som kan definerast på ulike måtar. Eg har valt å ta utgangspunkt i følgjande definisjon:

”Å se igjen”, gjenkjenne, skjelne, befeste, erkjenne og styrke. Anerkjennelse betyr blant annet å se noe om igjen (re - cognize)”

(Schibbye, 2009, s. 256).

Den norske pedagogen Berit Bae meiner at anerkjenning medfører at ein let den andre få vera ekspert på sine eigne opplevingar. Til dømes at ein tek seg god tid og lyttar til den andre, og har respekt for hans/hennar synspunkt. Vidare at ein alltid skal ta seg tid for å høyra den andre si meining før ein kjem med respons (Bae 1988).

Ved barneverninstusjonar kjem sosialarbeidarar ofte tett på ungdommar der anerkjenning kan visa seg gjennom eigenskapar som det å lytta, utvisa forståing, stadfesting, aksept og toleranse. Her vil sosialarbeidaren si evne til å stilla seg inn på brukaren, ved å innta eit subjekt til subjekt syn, vera sentralt for å forstå hans/hennar vanskar (Schibbye 2009). Det å verta anerkjent gjennom brukarmedverknad handlar i praksis mellom anna om det å verta sett, høyrte og lytta til (Follessø 2006). Anerkjenning medfører at ein prøver å forstå den andre personen, ut frå brukaren sin ståstad. Vidare at ein er merksam på måten ein sjølv framstår på i møte med brukaren. Her vert likeverd eit stikkord; det er ikkje om å gjera å vera lik den andre, men at ein anerkjenner brukaren som i sin ulikskap frå seg sjølv (Aamodt 1997).

Som profesjonsutøvar vil det vera sentralt å utvikla ein anerkjennande relasjon til brukaren. Det å ha ein anerkjennande relasjon er viktig uansett alder, bakgrunn og problematikk når det gjeld dei ein arbeider med. Det å handla på ein anerkjennande måte seier og noko om sosialarbeidarar si evne og vilje til empati og empatisk veremåte (Aamodt 1997).

2.9.4 Empati og empatisk veremåte

I arbeid med ungdommar, som ved ein barneverninstitusjon, er det sentralt å skapa ei god ramme frå dei tilsette, slik at ungdommar opplever at dei vert inkludert. Her vil og empati frå dei tilsette spela inn. Empati kjem av det greske ordet «*empathia*» som tyder innleving. Empati verkar inn på sambandet mellom menneske. Det handlar om å setja seg inn andre sin situasjon ved å forsøkjja å føla det den andre føler ved å plassera seg inn i hans/hennar stad (Skau 1997).

Ved barneverninstitusjonar vil ein ofte møte på ungdommar i ulike vanskelegstilte situasjonar. Som sosialarbeidar vil det å vera empatisk i arbeidet med andre menneske vera sentralt for å oppnå nærleik og kontakt. Empati med andre heng og saman med våre verdiar og haldningar. Det å starta der som klienten er har ofte vorte framheva i sosialt arbeid, og då vert både evne og vilje til empati viktig.

2.9.5 Kva fortel tidlegare brukarundersøkingar om brukarmedverknad ved barneverninstitusjonar

I dette avsnittet vert det sett nærare på fem ulike rapportar som er utarbeidd etter brukarundersøkingar med barn i barneverninstitusjonar. Det er og laga andre undersøkingar når det gjeld tilhøve knytt til barn og ungdom i barneverninstitusjonar, men på grunn av plassomsyn vert desse ikkje tekne med her. Rapportane i denne oversikta er frå åra 2003, 2006, 2007, 2010 og 2011. Her følgjer eit kort samandrag av hovudfunna frå brukarundersøkingane.

Rapport frå 2003

Den første rapporten har tittelen «Barneverninstitusjonen – nødvendig men ikke god nok. En etterundersøkelse av institusjonsungdom fra Sør-Trøndelag» (Hyrve, Solhaug, & Tjelflaat, 2003). Rapporten bygger på registreringsdata for 71 personar (i tidsrommet 1993 - 1998), henta ut frå fylkeskommunale arkiv, og intervju med 27 ungdommar etter utskrivning frå institusjon. Frå samandraget i rapporten går det fram som følgjer:

«Studien indikerer at de fleste av institusjonsungdommene har hatt en vanskelig barndom og oppvekst, og at institusjonene har måttet ta i mot svært depriverte ungdommer. Institusjonene har ikke klart å møte disse ungdommenes behov på en god nok måte, og har i liten grad bidratt til å stabilisere ungdommenes situasjon og avhjelpe deres problemer. Tvert i mot har institusjonene for noen ungdommer vært med på å øke problemutviklingen. Ungdommene vektla en del positive trekk ved institusjonene, blant annet tilknytning til enkelte ansatte, turer og trekk ved institusjonene. I den forbindelse la de spesielt vekt på at det var for mye personale å forholde seg til, for stor problemopphopning hos ungdommene, maktbruk fra de ansatte og for stor frihet/lite kontroll. Ungdommenes situasjon etter utskrivning var langt fra god» (Hyrve mfl., 2003, s. 9).

Rapport frå 2006

Dette er den første landsomfemnande brukarundersøkinga om ungdom ved barneverninstitusjonar i Noreg. Det deltok 436 ungdommar frå i alt 114 institusjonar, hausten 2005. Svarprosenten var på 48 %. Leiarane vart intervjuar i eigne spørjeskjema. I tillegg vart 12 ungdommar frå 7 ulike barneverninstitusjonar intervjuar for å utdjupa spørjeundersøkinga. Sentrale spørsmål som vart stilt var mellom anna i kva grad ungdommar sine retter vart tekne vare på medan dei oppheldt seg ved barneverninstitusjonane og korleis ungdom skildrar det sosiale livet i og utanfor institusjonane.

I rapporten vert det vist til at resultatane frå spørjeundersøkingane og intervjuar syner eit samansett bilde av ungdommane og deira opplevingar av opphaldet. Det går fram at eit klart fleirtal av respondentane kjende seg trygge i institusjonane. Dei stola på ein, fleire eller alle av dei vaksne, opplevde dei tilsette som hyggjelege og fekk hjelp ved gjennomføring av fritidsaktivitetar og skulearbeid (Gautun mfl., 2006).

På den andre sida rapporterte den andre halvparten at dei ikkje visste kor lenge opphaldet ville vara, ein tredjedel kjende ikkje til nokon plan for opphaldet, og litt under halvparten opplyste om at dei ikkje hadde vorte informert om rettane deira ved institusjonen.

Rapport frå 2007

I rapporten «Barn og unges medvirkning i barneverninstitusjon – Et forskningsbasert temahefte» vart i alt 35 personar intervjuja (barn, ungdom og tilsette) ved 3 barneverninstitusjonar. Av rapporten går det fram at hovudtanken er å formidla barn og ungdom sitt syn på medverknad i praksis (Tjelflaat & Ulset, 2007). Av funna i rapporten vert det mellom anna vist til at:

«Ungdommene var mest opptatte av hvordan rutinene begrenset deres muligheter til å velge fritidsaktiviteter og treffe/skaffe seg venner utenfor institusjonen. De aller fleste mente at institusjonene, i stor grad, styrte hverdagen og fritiden deres, og dette ble i all hovedsak oppfattet som negativt og begrensende. De følte at mye var bestemt på forhånd, og at de hadde liten påvirkningsmulighet i det daglige» (Tjelflaat & Ulset, 2007, s. 26).

Rapport frå 2010

I september 2010 kom det ein rapport om brukarmedverknad i det statlege regionale barnevernet. Dette var ei landsomfemnande spørjeundersøking gjort av tenesteleiarar i Bufetat. Undersøkinga omfattar «fagteam, fosterhjemstjenester, barnevernsinstitusjonar, evidensbaserte tiltak og omsorgssentre for enslige mindreårige asylsøkerar og flyktningar, samt fokusgrupper med ansatte innanfor de same tjenestene» (Slettebø, Oterholm, & Stavrum, 2010, s. 9).

Funna som kjem fram i rapporten om brukarmedverknad viser til ulike praktiseringar. Forskarane peikar på at det å lytta til ungdommar ikkje er nokon garanti for at dei vert høyrde, og at røynsler og synspunkt vert tekne omsyn til. Undersøkinga viser til at det er ein tendens i at aktiv deltaking avtek med synkende alder, og at det i liten grad er rutinar som sikrar dei yngste barna sin medverknad. Om lag halvparten av tenesteleiarane ved barneverninstitusjonane meinte at det var utvikla rutinar for institusjonane når det gjeld praktisering av

brukarmedverknad, den andre halvparten av dei spurde meinte det motsette (Slettebø mfl., 2010).

Rapport frå 2011

Rambøll Management Consulting gjennomførte, på oppdrag frå Barne- Ungdoms-Familiedirektoratet, i juni 2010 til februar 2011 ei brukarundersøking blant barn og unge over 9 år i samtlege statlege og private barneverninstitusjonar, statlege fosterheimar og barn som får multisystemisk terapi (MST). Svarprosenten var på 42 for barneverninstitusjonar.

Funna viser variasjoner med korleis ungdommar opplever tryggleik, kommunikasjon og oppfølging frå tilsette. I samandraget går det fram at resultata tyder på omfattande variasjonar i barneverninstitusjonane sine system for å gje informasjon til barn og ungdom. Og vidare for å skapa fora der ungdommar kan medverka i eigen kvardag og eiga sak (Rambøll, 2011).

3.0 Metodisk tilnærming

I denne delen vert det gjeve ein presentasjon når det gjeld metodisk tilnærming. Det vert starta med å sjå på tilhøvet mellom vitskapsteori og forskingsmetode, vidare dei ulike fasane i forskingsmetoden, og til slutt ei oppsummering.

3.1 Tilhøvet mellom vitskapsteori og forskingsmetode

3.1.1 Vitskapsteori

Forskinsmetode er ein del av vitskapsteorien. Vitskapsteori handlar om krav som vert sett til vitskap og metodar, for at desse vert sett på som vitskapelege. Det er tradisjonelt å gå ut frå to hovudretningar innan vitskapsteorien, den positivistiske og hermeneutiske retninga.

Den positivistiske retninga er ofte vanleg innanfor naturvitskapen, men også innan psykologi og sosiologi. Retninga vektlegg menneskelege røynsler og empirisk observasjon for å forstå vitskap.

Innanfor den hermeneutiske retninga er vektlegging av oppleving og fortolking av meining og føremål sentralt. Sentrale personar innan denne retninga er m.a. Gadamer, Heidegger og Ricoeur. Hermeneutikk kjem av det greske ordet hermenevein, som tyder å tolke, utlegge; fortolkingslære (Fuglseth, 2006). I dagleglivet vil dei fleste menneske fortolka ulike hendingar ut frå det dei opplever, og er ein naturleg del av menneskeleg handling.

3.1.2 Den hermeneutiske sirkel

Sentralt i hermeneutikken er at deler må sjåast som del av den heilskapen dei høyrer heime i, og at delane får ulik meining ut frå kva slag heilskap dei vert fortolka inn i. Det er ofte vanleg å sjå på tilhøvet mellom heilskap og einskilddelar som ein prosess som vert kalla den hermeneutiske sirkel. Ved å sjå på einskilddelar vil ein kunna få ei forståing av heilskapen og omvendt. Innanfor vitskapsteorien er fenomenologi såleis eit sentralt perspektiv.

3.1.3 Fenomenologi

Innan fenomenologi står oppleving, forståing og meining sentralt. Nyare filosofar som Heidegger, Sartre og Merleau-Ponty er kjent for ei slik fenomenologisk tenking.

Det finst ulike definisjonar, men eg har valt å ta utgangspunkt i Kvale (1997), som definerer fenomenologi slik:

«Et fenomenologisk perspektiv fokuserer på personens livsverden. Det er åpent for intervjupersonens erfaringer, fremhever presise beskrivelser, forsøker å se bort fra forhåndskunnskaper, og søker etter beskrivelsenes sentrale betydning».

(Kvale, 1997, s. 40).

Innan eit slikt perspektiv er ein oppteken av at filosofi ved hjelp av fenomenologiske metodar kan finna fram til trygg kunnskap. Det er subjekta og deira eigne røynsler og opplevingar som står i sentrum. Her vert skildringar av ulike fenomen slik dei opptrer i menneske si livsverd det sentrale (Aadland, 1998). I fenomenologien vert konkrete, fylldige og røynslemessige skildringar vektlegg (Omre & Schjelderup, 2009).

I masteroppgåva har eg valt å intervjuja ungdommar og tilsette ved to barneverninstitusjonar. Det er deira eigne opplevingar som er viktige for meg å få tak i. Desse opplevingane er viktige for å kunna svara på problemstillinga om kva faktorar ungdommar og tilsette vektlegg for å fremja brukarmedverknad.

3.2 Forskingsmetode

Medan vitskapsteori er oppteken av å søkja kunnskap og forståing om ulike fenomen, er forskingsmetoden sjølv framgangsmåten som forskarar nyttar seg av. Forskingsmetoden inneheld visse prosedyrar og reglar som må følgjast av forskaren for å finna svar på det som skal undersøkast (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2006).

Sjølv omgrepet metode kjem av det greske ordet *methodos*; som tyder å følgja ein bestemt veg mot eit mål. Det er ein framgangsmåte for innsamling og handsaming av ulike data.

Det finst fleire definisjonar av omgrepet, men eg har valt å ta utgangspunkt i Vilhelm Aubert sin definisjon:

«En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Aubert, 1985, s. 196).

Metoden er med andre ord reiskapen i møtet med det som ein ønskjer å undersøkje, og gjev informasjon om korleis ein samlar inn og handsamar data. Metodelære fortel noko om korleis ein bør gå fram for å få kjennskap til eller etterprøva kunnskap (Dalland, 2007).

3.2.1 Skilje mellom kvantitativ og kvalitativ metode

I metode er det vanleg å skilja mellom kvantitativt og kvalitativt forskingsopplegg:

Ved kvantitativ metode er ein oppteken av breidde, medan i kvalitativ metode går ein meir i djupna på eit fenomen som forskaren vil undersøkje nærare. Kvantitativ metode handlar om standardiserte metodar der ein ved hjelp av målbare storleikar (mengde eller tal) vil finna svar i form av data som kan talfestast. Spørjeundersøkingar og eksperiment er døme på eit kvantitativt opplegg. Ved hjelp av opplysningar om einingar av eit bestemt slag (til dømes inntekt, kjønn og alder) gjev dette grunnlag for handsaming og analyse av datamateriale (Ibid.).

Kvalitativ metode tek føre seg å formidla forståing og fanga opp meiningar eller opplevingar som ikkje let seg måla eller talfesta, og byggjer på hermeneutikk (fortolking) og fenomenologi (røynsler). Føremålet er å få fram ulike samanhengar og heilskapar gjennom å utforska kunnskap om menneske sine opplevingar, røynsler, tankar, verdiar og haldningar.

Ulike former for intervju og observasjonar er ofte vanlege å nytta seg av ved kvalitativ metode (Dalland, 2007). Det er heller ikkje uvanleg at ein ved større forskingsopplegg kombinerer dei to metodane. Kvantitative funn kan til dømes gjennom kvalitativ analyse gje ei betre forståing av årsakssamanhengar. Skilnadane mellom dei to forskingsmetodane er store. Begge metodane kan nyttast for å få større innsikt og forståing i korleis samhandlinga mellom einskildindivid, grupper og institusjonar føregår i eit samfunn (Ibid.).

I oppgåva har eg valt å nytta kvalitativt forskingsintervju.

3.2.2 Kvalitativt forskingsintervju

Val av metode er avhengig av problemstillinga og føremålet med studien (Ibid.). Når det gjeld val av metode i høve til problemstillinga, har eg funne det mest naturleg å nytta kvalitativt forskingsintervju. Kvalitativt intervju er ein samtale mellom intervjuar og informant, og har eit bestemt føremål. Denne forma for intervju eignar seg godt når ein vil søkja kunnskap om opplevingar hos dei ein intervjuar. På det viset kan ein få fram korleis informantane reflekterer over seg sjølve, og sin eigen situasjon (Thagaard, 2013). Gjennom det å intervjuar

ungdommar og miljøpersonalet kan ein dermed gå meir i djupna gjennom å prøva å finna svar på spørsmåla som er reist i problemstillinga. Vidare vert det no sett på ulike typar av intervjuformer.

3.2.3 Tre vanlege intervjuformer

Det finst fleire intervjuformer med ulik strukturgrad. Dei vanlegaste er ustrukturerte, semistrukturerte og strukturerte intervju. Val av intervjuform vert ofte tilpassa i høve til føremålet med ei undersøking. Både val av type form for intervju og graden av struktur er vanleg å sjå i samanheng med føremål, tema og målgruppe (Kvale, 1997).

3.2.4 Strukturerte intervju

Strukturerte intervju er undersøkingar kjenneteikna ved bruk av organiserte og faste spørsmål. Spørsmåla er ofte gjevne i form av spørjeskjema, og vert nytta for samanliknande analyse i statistikkar med meir.

3.2.5 Ustrukturerte intervju

Kjenneteiknet med ustrukturerte intervju er at det ikkje er eit ferdig oppsett med utarbeidde spørsmål på førehand. Denne forma for intervju er meir utforskande når forskaren ikkje veit så mykje om emnet frå tidlegare. Den som intervjuar legg fram tema for samtalen.

3.2.6 Semistrukturerte intervju

Mellom strukturert og utstrukturert intervju ligg semistrukturerte intervju. Sjølv intervjuforma er kjenneteikna av eit sett med hovudspørsmål med saker eller tema som skal takast opp. Det vert sett opp eit tal definerte spørsmål, med understikkord, men er lagt opp slik at lista med spørsmål ikkje treng å følgjast slavisk. Her kan til dømes intervjuaren følgja opp spørsmål. Spørsmåla er kjenneteikna av å vera opne, noko som gjev høve for den som vert intervjuet å utdjupa svara som vert gjevne. Fokuset er på den som vert intervjuet, hans eller hennar sine utsegner og meiningar (Langdridge, 2006).

I oppgåva vert det nytta semistrukturert intervjuform, med ein viss grad av opne spørsmål. Ei slik intervjuform gjev og fordelar ved at ho gjev ein viss grad av fleksibilitet ved at ein kan

avdekkja og undersøkjja nye tilhøve undervegs (Thagaard, 2013). Å nytta seg av kvalitativt intervju som metode medfører både fordelar og ulemper.

3.2.7 Fordelar og ulemper med kvalitativt intervju

Ut frå faglitteratur (Jacobsen, 2005) og (Langdridge, 2006) kjem det fram både fordelar og ulemper med å nytta kvalitativt intervju, noko som er teke med i oversikta nedanfor.

Kvalitativt intervju

Fordelar

- Gjev kunnskap om menneske sitt livsverd (forståing og innsikt) og meining gjennom ord og det å sjå samanhengar.
- Rikholdig på data:
Gjev verdfull informasjon gjennom djupne og detaljforståing (mykje informasjon om få personar).
- Kan sikra at ingen emne vert oversett, og den som vert intervjuet unngår å verta hemma med omsyn til fastlagde svaralternativ.

Ulemper

- Spørsmålsformuleringar kan verka avgrensande på tilfanget av informasjon.
- Nærleik til informantane kan vera utfordrande når gjeld distanse, og kan verta påverka av intervjuar sine verdiar, haldningar og interesser.
- Kan vera ressurskrevjande i ettertid med bearbeiding og analyse av datamateriale.

3.3 Utarbeiding av intervjuguide

Når det skal utarbeidast intervjuguide, er det fleire omsyn som forskaren bør ha fokus på, mellom anna:

- Kva som er føremål og tema med undersøkinga
- Korleis intervjuet vert gjennomført
- At spørsmåla har ei form som gjer at dei er forståelege
- At ein unngår å ta opp att spørsmål som er stilt før (Jacobsen, 2003).

Ved utarbeiding av spørsmål til intervjuguiden, brukte eg ein del tid på denne prosessen. Ein sentral faktor for å oppnå eit godt intervju er m.a. å få til ein bra intervjuguide med godt organiserte spørsmål (Langdridge, 2006). Undervegs i arbeidsprosessen har eg vore oppteken av at spørsmåla må ha relevans i høve til problemstillinga. Vidare å stilla opne og ikkje leiande spørsmål; som kan verka førande på ein samtale. Etter å ha utarbeidd eit utkast gjekk eg saman med rettleiar gjennom intervjuguiden, og har testa denne ut på tre studentar for kommentarar og innspel.

Etter å ha gått gjennom ovannemnde prosess, vart så intervjuguiden forenkla ved at ein del tema og spørsmål vart slått saman. Intervjuguiden vart delt inn i fire hovudområde: Oppleving av kvardagen, medverknad, utfordrande situasjonar/konfliktar og til sist «rettighetsforskriften» – informasjonsutveksling. Grunnen til at intervjuguiden vart delt inn i tema var for å gjera den meir oversiktleg, og gjera det lettare å bearbeida funn frå intervju i ettertid. Intervjuguiden er vidare laga med utgangspunkt i hovudspørsmål med stikkord/underspørsmål.

3.3.1 Førebuing til intervju

Det å gjennomføra og få til gode intervju krev trening og røynsle, og ein god intervjuguide kan vera ein nøkkelfaktor for å oppnå vellukka intervju (Langdridge, 2006). For å kvalitets-sikra intervjuguiden, og måten spørsmåla vert stilte på, vart det gjennomført to prøveintervju gjennom rollespel med to studentar på førehand. Ved kvart prøveintervju var ein av studentane observatør i kvar sin omgang. Dette var ein nyttig prosess. Tilbakemeldinga gjekk mellom anna på spørsmål som kunne verta tydelegare (formuleringar), og måten intervjuet gjekk føre seg på (meininga av det å vise interesse for den som vart stilt spørsmål for gjennom kroppsspråk og blikk-kontakt). Ved å diskutera dette når rollespelet var ferdig, fekk eg konstruktive tilbakemeldingar på tilhøve som kunne forberast. Desse synspunkta vart tekne vidare med då intervju med informantane starta.

3.3.2 Tilgang til feltet og utvalsprosessen

Ungdommar og tilsette ved barneverninstitusjonar er dei som ein skal ha i tale. For å få tilgang til feltet har eg nytta meg av rettleiar og andre kontaktar med tips til barneverninstitusjonar der ein kunne få koma til med intervju. Dette var ein prosess som tok litt tid, etter som mange av dei offentlege BUF-etat-institusjonane var midt inne i ein omstillingsprosess.

Etter samråd med rettleiar vart det intervjuet ungdommar og tilsette ved to barneverninstitusjonar. Ved kvalitativt utval vert det lagt til grunn at ein vel informantar som har kvalifikasjonar, eller eigenskapar som er føremålstenlege når det gjeld å finna svar på problemstillinga (Thagaard, 2013). Det var naturleg å finna eit skjønsmessig utval av informantar for å kunna svara på problemstillinga. Barneverninstitusjonane (ved leiar) har sjølve plukka ut informantane, og begge kjønn har vore representerte under intervjuet. Ut frå masteroppgåva sitt omfang vart det gjort eit strategisk utval på 7 ungdommar og 6 miljøpersonale som vart intervjuet.

I litteraturen er det ikkje gjeve noko fast tal på kor mange som må intervjuast i ei kvalitativ undersøking. Dette er noko som mellom anna er avhengig av storleiken på oppgåva, og det ein er ute etter å finna svar på. Til dømes kor representative er dei svara ein får frå informantane når det gjeld å finna svar på problemstillinga. Ved kvalitative intervju er det viktig å få fram variasjon i oppfatning gjennom å finna eit kvalitativt utval. Det er såleis vanleg å velja informantar som gjev breidtemessig variasjon (Larsson, 1986).

Før intervjuet starta vart det utarbeidd eit informasjonsskriv om prosjektet, der informantane vart opplyst om etiske omsyn til intervjuprosessen. Det å skriva ei masteroppgåve stiller og visse krav til forskingsetiske omsyn.

3.3.3 Forskingsetiske omsyn

Når forskarar arbeider med forskning, er det ulike etiske omsyn og reglar som må følgjast. Forskingsetikk handlar om korleis forskarar skal eller bør opptre. Gjennom den kvalitative forskingsprosessen har ein med menneske å gjera, og det kan oppstå interessekonfliktar mellom forskar og informant. Det er såleis viktig at informantane vert handsama på ein god

måte. Her er eit sentralt prinsipp respekt for einskildpersonar. I forskning er det eit grunnleggjande krav til:

- **Informert samtykke frå informantane.** Informantane vert informert om målet med undersøkinga, om at det er friviljug til å delta, og at han/ho når som helst kan trekkja seg om dei ønskjer det (Kvale, 1997).
- **Teieplikt** (at alle opplysningar vert handsama konfidensielt). I praksis vil det seia at ein ikkje offentleggjer informasjon som ein har fått kjennskap til gjennom undersøkinga. Dette gjeld både å utlevera opplysningar munnleg, eller framstilla opplysningar som kan kjennast att skriftleg i oppgåva.

Nedanfor vert det gjort nærare greie for framgangsmåte når det gjeld dei to ovannemnde punkta.

3.3.4 Informert samtykke og informasjon om prosjektet

Med omsyn til informert samtykke vart alle informantane, både munnleg og skriftleg, gjort kjende med innhaldet i prosjektet, og at dei når som helst kunne trekkja seg ut. Før intervju starta fekk informantane utdelt kopi av informasjonsskrivet om spørjeundersøkinga.

3.3.5 Teieplikt

Då intervju starta vart informantane gjort kjend med at eg har full teieplikt når det gjeld alle opplysningar knytt til personlege tilhøve som alder, kjønn, og namn på institusjon. Vidare er all informasjon anonymisert slik at informantane ikkje skal kjennast att.

3.4 Gjennomføring av intervju

Det å gjennomføra intervju kan vera ein krevjande prosess, etter som informantar er ulike og det ikkje er sikkert at alle intervju går like bra. Innleiingsvis la eg vekt på å vera imøtekomande og skapa ein roleg og mjuk atmosfære. Informantane vart kort informert om kven eg var, og vidare kva som var tema og problemstilling for masteroppgåva. Det vart og vist til at dersom det eventuelt var nokre spørsmål som dei ikkje ville svara på, stod dei fritt til det.

Bandopptakar vart nytta under intervjuet etter som det er mykje materiale å gå gjennom i ettertid. Informantane vart gjort merksame på at opptaka ville verta sletta i etterhand når oppgåva er ferdig skriven. Det vart ikkje opplevd som kunstig at bandopptakar vart nytta.

Sjølve intervjuet gjekk greitt. Informantane som vart intervjuet gav, slik eg opplevde det, innhaldsrike svar. Under intervjuet prøvde eg så godt som råd var å følgja med, la vekt på å lytta og stilla oppklarings spørsmål når det var trong for det. Vidare at informantane fekk fortelja fritt, og prøvde under vegg å visa interesse for det dei formidla meg under intervjuet. Det å få til ei open tilnærming vil vera viktig for å få god kvalitet på intervjuet (Kvale, 1997).

Sjølv om intervju er ei interessant samtaleform er det og utfordringar knytt til gjennomføring, noko som no vert sett nærare på.

3.5 Rolla som forskar

Ved sida av dei etiske sidene er det fleire omsyn som ein må vera klar over når ein forskar på ulike fenomen. Det gjeld mellom anna balansen mellom nærleik og distanse til det ein vil undersøkje under intervjuet. Skau (2011) viser til at balansen for forskaren ligg ein stad mellom naturleg innleving til å forstå og følgja det som vert formidla, og tilstrekkeleg ansvar for å prøva å få tak i heilskapen i intervjusituasjonen. For ein forskar vil ein slik balansegang ikkje alltid vera like lett.

Det kan og vera ei utfordring at ein vert prega av si eiga forståing i ein intervjusituasjon, ved at ein let seg farga eller vert riven med av det som informanten fortel. Det er viktig å vera klar over at ein som forskar kan verta påverka av både fordommar, forståing og tolkingar som kan farga synet på den andre. Og som forskar kan ein aldri heilt fri seg frå eigne fordommar og forståingsmåtar (Holgernes, 1997). Her vert det ein kunst å vera medviten på å innta distanse til det ein forskar på. Dalen (2004) viser til at det er sentralt å kunna trekkja inn si eiga forforståing på ein slik måte at det opnar for ein størst mogeleg forståing av informantens sine uttalar og opplevingar.

Etter at intervjuet var gjennomført, starta arbeidet med analyse av datamaterialet.

3.6 Analyse av datamateriale

I analysedelen vart det lagt vekt på ei hermeneutisk meiningstolking. Hermeneutikk er oppteken av kontekst, der grunntanken er at individ er oppteken av, og ønskjer å forstå og tolka sin eigen livssituasjon (Hærem & Aadnesen, 2008).

Hovudmålet for kvalitative analysar er å «komme fram til helhetlig forståelse av spesifikke forhold eller å utvikle teorier og hypoteser om bestemte samfunnsmessige sammenhenger» (Grønmo, 2004, s. 245).

Det finst ulike analyseteknikkar når ein skal analysere datamateriale i undersøkingar i ettertid av intervju, og framgangsmåten må sjåast i lys av val av problemstilling. For å få ei føremålstenleg handsaming og sortering av data er ein vanleg framgangsmåte å koda data. Dette er gjort for å få best mogeleg oversikt over datamaterialet. Koding tyder forkorting eller symbol, som vert nytta for å finna språklege stikkord eller setningar som kan skildra eit større utsnitt av ein tekstsamanheng. Stikkorda vert kalla for kodar. Til dømes kan ein kode fortelja noko om ein aktørane, ei handling, ei hending eller ein relasjon. Kodane kan vera deskriptive (reint skildrande karakteristikkar av tekstinnhald), fortolkande (forskaren si tolking eller forståing av innhaldet i teksten) eller forklarande (forskaren sitt uttrykk for korleis han/ho ser på innhaldet i teksten).

Kodane kan nyttast i fleire trinn:

- 1) Open koding, der ein utviklar ei første karakterisering og klassifisering av data.
- 2) Systematisk koding, som vert vidareført i kategoriar.
- 3) Selektiv koding, der ein utviklar omgrep ut frå data.

Ved gjennomgang av datamaterialet har eg så godt som råd er prøvd å følgja framgangsmåten ovanfor. Ved gjennomgang av intervjumaterialet har eg høyrte gjennom lydbandopptaka fleire gonger, både ved transkripsjon og i ettertid. I første omgang har eg notert ned det som eg har opplevd som sentrale stikkord, som så har vorte samla opp i aktuelle kategoriar.

Ved bruk av fire kategoriar kjem det fram skilnader i svara som vert gjevne i intervju, både gjennom einskildsitat og oppsummering gjennom hovudintrykk frå svara som vart gjevne. Ein fordel ved bruk av sitat er at ein presist får referert det som informantane uttalar, og ikkje tillegg dei anna meiningstolking i det som konkret vert uttalt.

I ein analyse vil ein fortolka datamaterialet gjennom å sjå på einskilddelar og heilskap. Fortolingsprosessen finn stad gjennom den hermeneutiske sirkel. Det er vanleg å byrja med å lesa gjennom tekstdatane, etter at ein har transkribert (fått skrive inn) intervju, slik at ein får eit inntrykk av teksten. Deretter tek ein til med å tolka dei ulike delane ut frå heilskapen, men her kan detaljar få innverknad på fortolkinga av heilskapen (Langdridge, 2006).

Det å tolka ein annan sin bodskap kan vera utfordrande når det gjeld om ein har klart å fanga opp det sentrale i hans/hennar si utsegn. Kruuse (2007) viser til at fortolkingar ofte krev kreativitet, slik at det gjev nyansar og utvidar forståing av meiningar.

Fortolking kan få stor innverknad på kvaliteten av eit forskingsprosjekt, noko som handlar om validitet og reliabilitet.

3.7 Kvaliteten av studien – validitet og relibilitet

I forskning vert det sett krav til at den skal vera påliteleg og truverdig. Med andre ord skal det vera mogleg for andre forskarar å kunna testa prosess og resultat av forskinga.

For å vurdera kvaliteten er det eit krav til at forskarar er nøyaktige, ved at dei ulike delane i forskingsprosessen er skildra. For å vurdera validitet og reliabilitet er det sentralt at forskaren reflekterer over korleis ein har gjennomført datainnsamlinga. Vidare kan kvaliteten av undersøkinga verta påverka av både intervjusituasjonen, transkriberinga og av analyseprosessen (Thagaard, 2013).

3.7.1 Validitet

Validitet handlar om at studien måler det den gjev uttrykk for, eller i kva grad metoden undersøker det som den har som føremål å undersøkja. Med andre ord om «i hvilken grad forskerens funn på en riktig måte reflekterer formålet med studien og representerer virkeligheten» (Johannessen mfl., 2006, s. 199).

Eit av dei sentrale kriteria for validitet i kvalitativ forskning er truverde, noko som medfører at ein må vera trygg på at informantane er identifisert og skildra på rett vis. Ved at det er nytta bandopptakar, og intervjuet er transkribert i ettertid, har det vore høve til å spela lydbandopptaka på nytt for å sikra at det som informantane fortel om er rett gjengjeve. Validiteten er høgare dess betre dei faktiske data svarar til forskaren sitt føremål (Grønmo, 2004).

3.7.2 Utfordrande sider ved validitet

Ved kvalitativt intervju er det og knytt ei rekkje «fallgruver» som ein kan hamna i med omsyn til validitet (truverde). Validiteten er låg dersom undersøkingsopplegget er lite treffande for problemstillinga (Grønmo, 2004). Tilhøve som kan påverka validiteten i eit kvalitativt intervjuopplegg kan til dømes vera:

- Dagsform hos informanten (-ane) kan ha påverka innhaldet i intervjuet (-a).
- Det at den som intervjuar eventuelt kan ha påverka informanten ved at han/ho ikkje har vore nøytral i måten spørsmåla har vorte stilt på.
- Informanten(-ane) kan ha sett seg sjølve i eit betre ljøs enn det røynda tilseier, noko som kan ha påverka innhaldet og oppfatninga hos den som intervjuar.
- Tilsette kan og svara «etter boka», ved at svar vert gjevne ut frå slik teorien tilseier og ikkje praksis (Vedeler, 2000).

Så langt som råd er, har eg prøvd å vera open og kritisk reflekterande i ettertid. Vidare er det gjort greie for eiga rolle som forskar i eit tidlegare avsnitt ovanfor. I denne samanhengen er det viktig å vera kritisk medviten når det gjeld eiga forståing og dei etiske sidene ved sitt eige forskingsprosjekt. Heilt nøytral er det vanskeleg å vera fullt ut, men gjennom det å leggja vekt på å analysa og tolka funna på ein sakleg og nøktern måte, kan ein presentera eit utsnitt av røynda, knytt til unike personar og situasjonar (K. Halvorsen, 2002).

Validitet handlar også om ei kritisk vurdering når det gjeld bruk av dei skriftlege kjeldene som er nytta. Det finst to typar kjelder; primær- og sekundærkjelder. Primærkjelder er den eldste kjelda til eit opphav, og er den kjelda som ligg nærmast opphavet i tid.

Sekundærkjelder byggjer på ei primærkjelde ved at den refererer eller viser til primærkjelda. Det er nytta lærebøker som er skrivne av anerkjente lærebokforfattarar og forskarar. Fleire av desse bøkene handlar om både same og ulike tema, men eg valt å nytta meg av desse også for å kunna få fram nyansar for å setja eit tilstrekkeleg søkjeljos på den valde problemstillinga.

Vidare er det eit krav at kvalitativt undersøkingsopplegg viser reliabilitet, som no vert sett nærare på.

3.7.3 Reliabilitet

Reliabilitet i eit kvalitativt undersøkingsopplegg vil seia at undersøkinga vert vurdert som påliteleg og nøyaktig. Det handlar om at målingar må utførast korrekt, og at eventuelle feilmargar må koma fram (Dalland, 2007).

Data som vert bygd på kan vera frå kvalitativt intervju, ulike lærebøker og rapportar.

Breidda av kjelder kan vera ein føremon når det gjeld å få problemstillinga best mogeleg opplyst. Det er og lagt vekt på å samanlikna egne funn opp mot tilsvarande forskning som er gjort om brukarmedverknad ved barneverninstitusjonar. Kjeldene vert vurdert som relevante for same tema som eg har valt. Vidare er det interessant å kunna samanlikna desse opp mot eiga undersøking.

Dersom ei undersøking ikkje er påliteleg, er ho heller ikkje truverdig valid og omvendt.

Det er og viktig å vera klar over dei utfordrande sidene knytt til reliabilitet.

3.7.4 Utfordrande sider ved reliabilitet

Ulike utfordringar som kan vera med på å påverka reliabilitet kan vera:

- Forskaren sine egne røynsler
- Dårleg førebuing av intervjuguide og intervjusituasjon (til dømes leiande spørsmål)
- For lågt utval
- Slurv når det gjeld analysedelen
- Feilkjelder

Kvale (1997) ser på reliabilitet i høve til intervju-, transkripsjon-, og analysestadiet.

Til dømes kan leiande spørsmål påverka svara når desse ikkje er ein del av eit godt gjennomført intervjuopplegg. Når eg ønskte å få meir utfyllande og konkrete svar på einskildspørsmål vart det stilt oppfølgingsspørsmål. Ved gjennomgang av intervjuet i ettertid vart det lagt vekt på å transkribere så nøyaktig som det lot seg gjera.

Tidlegare er det gjort greie for ulike sider ved arbeidsfasane, alt frå oppstart og utarbeiding av intervjuguide, svake sider ved denne, og elles prøvd å gje ei så detaljert skildring av fasane i undersøkinga som mogeleg. Både utfordringar og svake sider som eg har sett på i metodedelen kan vera med på å styrkja reliabiliteten. Ved at ein sjølv kan ha påverka informantane, og ha tolka utsegnene frå desse annleis enn dei sjølv, bør ein vera observant på si eiga forståing for å oppnå størst mogeleg grad av nøytralitet.

3.8 Oppsummering

I metodedelen har eg vorte meir medviten på kor viktig det er med ein god plan for korleis ein skal leggja opp eit kvalitativt intervjuopplegg når det gjeld dei ulike fasane ein skal gjennom. Metoden skjerpar at ein heile vegen er medviten om å stilla seg kritisk til eige forskingsarbeid ved gjennomgang og analyse av data, og tilbakemelding på det metodiske opplegget frå rettleiar. Det å få til eit godt kvalitativt intervjuopplegg er slik litteraturen skildrar det både krevjande, og stiller krav til at opplegget er påliteleg, og at ein heile vegen må ha evne og vilje til å stilla seg kritisk til eiga forking (Grønmo, 2004).

Vidare vert det no gjeve ein presentasjon av datamaterialet frå intervju.

4.0 Presentasjon av datamateriale frå intervjua

Det er intervjua 7 ungdommar og 6 tilsette ved to barneverninstitusjonar. Datamaterialet er delt inn i fire kategoriar:

- Oppleving av kvardagen
- Medverknad i praksis
- Utfordrande situasjonar
- Informasjon og ivaretaking av juridiske rettar.

4.1 Ungdommar sine opplevingar av brukarmedverknad

Denne delen startar med å gje eit oversyn over kva faktorar ungdommar vektlegg i intervjua når det gjeld å fremja brukarmedverknad, og vidare utfordrande sider.

4.2 Oppleving av kvardagen

Spørsmål som vart stilt gjekk på korleis ungdommane trivst og kva som var bra/mindre bra ved institusjonen, korleis dei ønskte at ein god miljøarbeider skulle vera, om dei vart møtt med respekt frå dei tilsette, og kva dei synes om oppfølging og tilbakemeldingar frå miljøpersonalet.

Trivsel

Dei fleste ungdommane oppgjev at dei trivst bra ved institusjonane. 4 oppgjev at dei trivst bra, 1 midt på treet og 2 mindre bra. Kjenneteikna for dei som trivst bra er at dei uttalar at det er bra med struktur og faste rammer. Eit sitat som illustrerer dette er ungdom (informant 4) som uttrykkjer seg slik:

«Det jeg synes er bra, det er det at vi står opp til fast tid. Klokken 07.00 om morgenen blir vi vekket, og vi må være nede til klokken 07.30 og spise frokost. Og jeg synes det er bra at vi har rutiner der vi vasker toalett, ganger og sånn. Og så har vi arbeidslag fra klokken 09.00 til 15.00. Det er veldig bra, for da lærer du deg og får vite hvordan det er å være oppe om dagene».

To av informantane gjev uttrykk for at dei ikkje trivst og opplever institusjonsopphaldet som *strengt*.

Ungdom (informant 3) uttalar seg slik:

«Trives ikke så veldig godt her, men på grunn av at jeg er på avrusning og har lyst å komme tilbake».

Informant 2 uttrykkjer:

«Det er mange uskrevne regler. Jeg har bodd her i flere måneder, og plutselig fikk jeg vite av en person at det ikke var lov å ringe etter klokken 15.00. Jeg har hele tiden fått lov å ringe frem til kl. 16.00. Utrolig mye brudd på beskjeder».

Synspunkt frå ungdommane på kva som for dei er ein god miljøarbeidar

Ungdommane gjev uttrykk for at eigenskapar hos dei tilsette er viktige, eg tek med tre sitat som illustrerer dette.

Informant 4:

«Det vil være en som, hvis jeg kommer og snakker om problemene mine, en som lytter. Og hvis jeg har noe som irriterer meg som angår hele fellesskapet, at de tar det videre og diskuterer det med resten av de som jobber her. Og at de holder seg til reglene, og ikke driver med forskjellsbehandling».

Informant 6:

«Jeg setter pris på personer som kan bruke humor, og det å kunne være seriøs, og at en reflekterer over seg selv, bruker seg selv litt og. Humor, og at en klarer å reflektere litt, være ærlige mot folk rundt seg».

Informant 7:

«En god miljøarbeider er for meg en voksen som jeg føler meg trygg på, som jeg har bygd opp en god relasjon til, og jeg føler jeg stoler på, som er omsorgsfull og viser forståelse, rett og slett bryr seg da».

Respekt og veremåte

Dei aller fleste av ungdommane som vart spurde om dei vart møtt med respekt og veremåte oppgav at dei var nøgde med måten dei vart møtt på av personalet, med nokre unntak. For å få fram nyansane vert det her teke med nokre sitat.

Informant 5

«Alle sammen respekterer hverandre. Når vi bor så mange ungdommer opp på hverandre så kan det fort bli litt slik småsnakk da. For eksempel det å irritere hverandre med vilje, men da ordner man alltid opp i det etterpå hvis det skjer noe. Alle sammen hører på hverandre hva vi har å si. Hvis vi merker at en person har det dårlig, så spør man om man har lyst å snakke med noen om det. Det er som en liten familie. Jeg får ikke følelsen av å være på et kollektiv, jeg får følelsen på at ungdommene er søskena mine, og de voksne er mange mammaer og pappaer».

«Jeg opplever ikke forskjell på personale, alle bryr seg like mye om alle sammen, de gjør det. En får jo som regel noen favoritter også når en bor her blant voksne, som en liker å snakke med, som en stoler på veldig mye».

Informant 6

«Jeg blir møtt med respekt. De er veldig snille. Jeg synes personalet er hyggelige. Når jeg kommer sier de; å så hyggelig å se deg, alle sammen prater med deg. Du blir veldig knyttet til de».

Informant 1:

«Jeg føler at jeg får mye respekt og sånn, men det er sikkert ikke alle som får like mye. Det er bra å bli møtt med respekt, for da får du bygd opp selvtillit og blir trygg».

«Jeg opplever forskjell på de som jobber her, noen er mye surere og andre er mykere»

Informant 7:

«Jeg blir jo møtt med høflighet på daglig basis og respekt for den slags skyld. Men det kan være til noen tider hvor ting ikke blir forklart og da føler jeg ikke vi blir respektert som ungdommer mer. Det er lettere å akseptere ting når man får en forklaring på hvorfor det er slik. Det er noe jeg har lært helt siden jeg var liten, ikke her, men gjennom oppveksten min så har de alltid sagt, får du et nei så har du rett til å vite en grunn på hvorfor du får et nei. Så da sitter det ganske inne hos meg da. Så jeg ønsker alltid en grunn, uansett om jeg liker det eller ikke. Det skjedde ofte veldig før, men nå har ting endra seg litt da. Så nå føler jeg ikke det er så veldig mye lenger, men det skjer jo en gang i blant».

«Det er alltid noen man ikke liker da, da er det jo opp til enhver individuelt å velge hvordan den ønsker å ta imot den voksne. Så for min del så, ja hvis en merker at jeg ikke liker noen da så vil jeg fortsatt gi de en sjanse, for jeg vil ikke bare skyve de unna med en gang».

Informant 2:

«Som regel blir jeg møtt med respekt med unntak når jeg ikke er høflig selv».

«Jeg opplever forskjell på de ansatte, noen tror de vet alt».

Informant 3:

«De fleste ganger, men det er jo noen som kommer med spydige kommentarer og litt sånn innimellom. Da går jeg på rommet og sitter der og syter for meg selv. Når jeg blir vist respekt får jeg mer lyst til å være grei mot de og».

Oppfølging og tilbakemelding fra tilsette

Når det gjeld oppfølging og tilbakemelding fra miljøpersonalet svarar ungdommane litt delt, medan 4 er positive, svarar 3 ungdommar at dei ikkje er nøgde. Eg tek med nokre sitat som gjev døme på skilnaden

Informant 5:

«Jeg synes det er veldig bra jeg. Det er jo to personer som er satt opp som hoved-kontakter, men det virker ikke helt slik, for alle sammen følger meg opp like bra. Jeg har jo arbeidslag hvor vi skal snakke om ting som er vanskelig og slike ting. Hvis vi står fast så får vi hjelp til å komme i gang, de er veldig flinke til det».

Informant 7:

«Jeg tok ikke tilbakemeldinger i det hele tatt til å begynne med. Det var absolutt nei, nei, helt til jeg innså at de som faktisk jobber her ønsker kun det beste for meg. Så jeg begynte å ta de til meg da, og gode ting skjedde der».

Informant 6:

«Det er veldig fokus på aktiviteter. Jeg synes personalet er hyggelige. Når jeg kommer sier de; å så hyggelig å se deg, alle sammen prater med deg. Du blir veldig knyttet til de».

Informant 4:

«Nei jeg synes egentlig ikke. Det blir at jeg blir nødt til å mase, de glemmer ting også videre. Jeg mener at de skal være mye mer profesjonelle enn det de er. For meg er den profesjonelle den som, for eksempel hvis du er forbannet en dag, så skal ikke den som jobber her gå rundt og være sur på alle andre og nekte oss å gjøre ting fordi den har hatt en dårlig dag. Og når man hører om ungdom som klager til fylkesmannen, og institusjonen glemmer å sende klagen videre til fylkesmannen, ja så er ikke det hyggelig for den det gjelder».

Informant 3:

«Det kan bli mye bedre. Jeg tror de ansatte burde få litt mer informasjon om hva ungdom i behandling ikke trenger. For vi trenger ikke sitte her hver eneste dag på utluftning, vi trenger jo komme oss ut å gjøre noe. Føler ikke at det er så mye behandling, går rundt og vimser som normale folk egentlig».

4.3 Medverknad i praksis

Under denne kategorien vart ungdommane spurd om korleis dei opplever at medverknad fungerer i det daglege, er dei med på val av aktiviteter, deltek i ulike møte, og oppstår det diskusjonar om kven som avgjer kva? Det er ingen ungdommar som uttalar at dei ikkje får vera med på val av aktivitetar, deltaking i møte, men blant to ungdommar vart det etterlyst at den som er valt til ungdomsansvarleg og kunne ha høve til å delta på leiarsamlingane (som dei vaksne har).

Informant 5:

«Faste aktiviteter er ganske fastsatt, i hvert fall i ukedagene. På onsdager så har vi ikke noen samling om kvelden, så vi pleier å ha samling om morgenen. På fredager midt på dagen også, men på onsdager så har vi ikke samlinger om kvelden. Så da kan vi skrive opp på ukeplanen vår forskjellige ønsker vi har lyst å komme med. Og hvis det er mulighet for det, og det er penger til det å slike ting, så gjør man det».

«Det er veldig mye en får lov til å være med på å bestemme. Er det regler som man er veldig uenig i, så kan en ta det opp, eventuelt ønske at den regelen blir endret til slik og slik. Det er ikke nødvendigvis at det går gjennom, men de voksne ser i hvert fall på det».

Informant 5:

«En gang i uken så har vi en til en møte hvor vi snakker om alt mulig rart. Det må vi ha. Hvis vi ikke har satt det opp på ukeplanen, så setter de voksne det opp en dag det passer. Kan snakke om for eksempel mål, eventuelt sette opp nye mål. Vi kan snakke om ting som plager oss eller er vanskelig for oss. Vi kan snakke om helt hverdagslige ting, vi kan snakke om alt. Vi snakker om det meste av det samme på fellessamlingene også, men det er ganske greit å få det tilbudet om å få en voksen å prate med, en gang eller flere i uken. Og kunne snakke med om ting som man kanskje ikke har lyst å dele med alle sammen samlet. Det kan være ting som har skjedd som en ikke har lyst til at alle sammen skal få vite enda. Da er det greit å få snakket med noen andre om det. Og vi trenger ikke å ha skrevet det opp heller for å få lov til å snakke med noen, det er bare å si, du, nå vil jeg snakke. Det er en veldig fri arena».

«Ja, vi snakker jo veldig mye fremtid her. Jeg har jo veldig mange planer. Og de voksne de sier jo også hva som kan være bra for meg, og hva som ikke kan være bra for meg».

Informant 7:

«Hvis det er noe vi er strengt uenig da, og vi føler at vi kan fungere uten den regelen, at ting faktisk kan gå bra da, og ikke ødelegge for oss mer, så vil vi vinne på å prate mye om det».

«Det har tatt lang tid for meg å oppfatte at de grensene vi har faktisk er ganske bra, det er viktig at vi har slike grenser. Det vil skape en trygghet, og så vil det også hjelpe oss med selvstendighetstrening. Og det vil hjelpe oss å gjøre noe da, så vi ikke plutselig flyter ut når vi kommer i egen leilighet og vi ikke vet hvordan vi skal vaske gulvet på leiligheten en gang. Så vi får lært ganske mye da, og det er godt».

«Alle er opptatt at vi har noe å gjøre, så vi har en aktivitet å gå til en gang i uken i hvertfall. De vil prøve å pusje oss litt og hjelpe oss. De ser at vi kanskje ikke har så veldig lyst da, så de vil prøve å hjelpe oss. Det er viktig å skjønne at man må gjøre jobben selv da, det er noe jeg har sagt veldig lenge da. Du kan heller ikke hjelpe en ungdom som ikke ønsker det, for en må i hvert fall ha bitte litt motivasjon for at det skal gå».

«Hvis jeg er nede på en fasesamling da, og det gjelder en historie, det gjelder noe, kan jeg fort få et spørsmål: Hvor ser du deg selv i fremtiden da, eller hva ønsker du i fremtiden. For meg har det vært ganske vanskelig å se meg selv frem i tid. Og da har jeg sagt hva jeg ønsker meg da. Jeg vet hva jeg vil, men her vil de hjelpe meg å løse hvordan jeg skal komme dit. De vil komme med mange muligheter, du må på den skolen så og så lenge. Så de er veldig engasjerte når det kommer til drømmer og fremtidsutsikter».

Informant 1:

«Jeg er med i forhold til dagsplaner og husmøter. Når man er ungdomsansvarlig for en uke, så får du bestemme, hvis en for eksempel skal bowle en dag, og hva du gjør på dagene, og så er det aktiviteter hele veien. De voksne har ledersamlinger og fellesuker, og da synes jeg at den som var ungdomsansvarlig skulle fått vært med og bestemt».

Informant 4:

«Det som er fastlagt er jo rutiner og arbeidslag og sånn, der vi får ta opp saker. Og vi har møter som ungdommene leder, ungdomsansvarlig, i tillegg er det morgenmøte. Vi finner en del ganger på å ta en kosetur til byen, men det er slik man må søke om da, og sende inn til lederne; ledersamlingen. Jeg synes det hadde vært mye bedre en hadde satt seg ned med noen voksne og snakket om det, så hadde vi funnet ut av det sammen. For det angår jo meg, og hvorfor skal jeg ikke være med i ledersamlingen? Så jeg tror det er enklere hvis vi hadde fått være med på ledersamlingene og tatt opp våre saker. Da får du satt for deg selv, snakket om ting, og mye enklere enn å skrive ned ting».

«Det er jo mye diskusjoner og sånn da, men til syvende og sist får vi vite at det er de voksne som bestemmer. Det er jo mange som er uenige i at de voksne skal bestemme, men sånn er det bare».

Informant 2:

Opplyser om delvis medverknad. Har teke opp eit konkret tilhøve som denne meiner kan betrast, men opplyser å ikkje ha lukkast med å ha fått gjennomslag.

Informant 3:

«Aktiviteter kan vi være med på å bestemme i en viss grad da, vi kan søke om hva vi vil gjøre. Husregler tror jeg ikke vi har noen sjans for å bestemme i det hele tatt, tror det er slike aktiviteter vi får mye å si på».

Informanten gjev og uttrykk for å vilja sleppa vera på fellessamlingar etter at ungdom kjem tilbake frå utluftning:

«Sånn der hvis noen er på utluftning og så kommer man tilbake igjen, og da må alle på huset samle seg i den sofaen der. Og så må den personen som er på utluftning fortelle hva han har gjort og hele den pakka der. Jeg er jo ikke vant til det, for jeg har vært på annet sted tidligere, så jeg er vant til hvis du gjør noe gærent, så er det ingen andre som får vite det. Jeg synes det er veldig ubehagelig og sitte å høre på alle andre, for å tenke at det hjelper oss. Men hvis noen stikker av da og kommer tilbake igjen og forteller at jeg har rust meg på det og det, så sitter jeg jo bare der med det russuget, og ikke vil høre i det hele tatt. Så det er litt teit at de har den regelen om at du ikke får lov til å gå fra samling, fordi alle må være til stede».

Ungdom si deltaking ved utarbeiding av handlingsplanar

5 av 7 ungdommar svarar positivt når det gjeld om dei får vera med på å utarbeida handlingsplan under opphaldet. Ungdom (informant 5) opplyser:

«De voksne skriver handlingsplaner, og så tar de det opp med oss hvis de endrer på noen ting. Så leser vi gjennom det sammen. Hvis vi er uenige med det så kan vi sende inn en klage på det, så kan de se på det. Hvis det fortsatt ikke er god nok grunn til å ta det vekk, så blir det stående der».

Informant 7 uttalar seg slik:

«Ja, jeg har vært med på å utarbeide handlingsplan. Da sitter vi oss ned med en voksen alene da og går gjennom planen, og får komme med innspill».

2 av ungdommane som opplyser at dei ikkje har fått vera med på å utarbeida handlingsplan.

Informant 2: «Jeg kjenner ikke til at jeg har vært med og utarbeidet noen handlingsplan».

Og informant 4:

«Jeg har ikke fått vært med på å laget målene, men de har sånne mål som de har satt opp; bli rusfri. Og på hvert ansvarsgruppemøte så går vi gjennom om målene er nådd. Hadde første ansvarsgruppemøte etter 5 måneder».

4.4 Utfordrande situasjonar

Alle ungdommane eg intervjuar nemnde at dei på ulikt vis hadde opplevd utfordrande situasjonar under opphaldet. Det kom under denne kategorien fram nyansar i svara som eg har valt å ta med.

Informant 5

«Jeg har jo opplevd konflikter, jeg har jo det. Uenighet med voksne om forskjellige ting da. Kan være alt mulig rart, det kan være misforståelser, det kan være småkrangler med ungdommene. Det skjer jo også når man bor oppå hverandre såpass lenge, ser jo alle hver dag, men det blir alltid ordna opp i det på en eller annen måte».

«Veldig mange ganger kan ungdommene være veldig slik, ikke bjeffende, men bli veldig irritert over en ting, skal ha svar med en gang. Veldig mange ganger så blir de voksne vanskelige også, med at for eksempel at jeg har lyst å ha en grunn for at vi ikke kan gjøre det og det og det. Da blir det liksom sånn, nei, fordi jeg sier det, men hvorfor sier du det, kan du ikke si hvorfor, nei fordi jeg sier det. Og andre ganger er det variert. Når jeg får en forklaring så føler jeg ikke at det blir trass. Føler at de voksne trasser litt på en måte. Slik som voksne pleier å si til små barn, nei fordi jeg sier det, da er det slik».

Informant 7:

«Har jeg problemer med en voksen for eksempel så er det jeg som må ta tak. For hvis det er noe som plager meg med for eksempel en voksen, så er det ikke sikkert den voksne vet det da. Da er det opp til meg å ta tak i den voksne og ta den samtalen med den individuelt på siden, og komme til enighet der, eller være enige om å være uenige. Konflikter kan jo oppstå av veldig mange ting. Det kan oppstå av uenighet, det kan komme av regelbrudd, det har jo konsekvenser da. Noen ganger så kan man bare prate ut om det. Andre ganger så blir det, hvis det er et mer alvorlig regelbrudd, så vil man bli tatt ut».

Informant 2:

«Går bra i perioder, i perioder går det ikke bra Det er alltid litt sånn små konflikter og litt større konflikter, men det er alltid ungdommer mot voksne og voksne mot ungdommer».

Informant 3:

«Det stormer ikke hver dag, men det er alltid en eller annen krangel med en ansatt hver dag, det er det jo. Det er for det meste små filleting».

Informant 1:

«Har du begynt å diskutere med noen av de voksne, en del er slik at de bare står på sitt hele veien, det er ikke sånn det er. De klarer ikke å innrømme feil når de diskuterer. Føler at noen bare går rett i forsvar når de diskuterer, at de ikke bare diskuterer i mot deg».

4.5 Informasjon og ivaretaking av juridiske rettar

Flesteparten av ungdommane gjev positiv respons på spørsmål om kva dei synes om informasjonen dei får og ivaretaking av rettar. Det er ein av ungdommane som spesielt uttrykkjer skepsis når det gjeld ivaretaking av rettar.

Informant 7:

«Når jeg kom hit så fikk jeg informasjon om både rettigheter og plikter, både muntlig og skriftlig. Så vi blir godt informert. Det er opp til oss å lese det eller ikke, men de fleste velger jo selvfølgelig å lese det. Hvis du for eksempel har noe å klage over til fylkesnemnda eller fylkesmannen så kan de også hjelpe deg da, og sette seg ned og fortelle deg hvordan du skal skrive en klage. Her tar de virkelig godt vare på rettighetene mine, og det er jeg kjempeglad for».

Informant 5:

«Fikk informasjon om alt jeg. Synes nesten det blir for mye informasjon. De sa jo hvorfor jeg var her, hvem som ville at jeg skulle hit. De sa jo også hva slags rettigheter jeg har. Vi får liksom vite alt som vi skal vite. Er det noe jeg lurer på så kan jeg spørre. Har de svaret, så svarer de. De sier i fra hvis det skjer noe da. Vi har jo ansvarsgruppemøte med folk fra barnevernet og institusjonen hver tredje måned ca. Når de endrer noe i papirene mine for eksempel, så sier de i fra og ber meg lese gjennom det, og skrive under hvis jeg godkjenner det. Hvis jeg ikke skriver under så kan jeg sende inn en klage på det».

Informant 3:

«Jeg var på sånn innkjøringsleir, var på hytte en stund. Og da fikk jeg en sånn blokk som heter gule sider, som står for det meste de vanlige reglene og hva som skjer med all informasjon. Og så fikk jeg den i hånden, og så leste dem det høyt. Så jeg fikk jo god nok informasjon».

«De tar ikke opp rettighetene våre med oss, men jeg har jo bodd en del steder rundt om kring, så jeg går alltid inn på nettet og finner de nye forskriftene hver gang det er lagd nye, og leser de. Det er noen ganger dem «driter seg ut», og sier at det har du ikke lov til, og så går jeg bare inn på pc en og printer ut at jo, det får jeg lov til. Jeg føler at jeg kan rettighetene til ungdommene bedre enn de voksne».

4.6 Tilsette sine opplevingar av brukarmedverknad

Det vart intervjuet 6 tilsette, og det vart nytta same kategoriar som for ungdommar, men med andre type spørsmål. Eg vil nedanfor presentera datamaterialet ut frå kategoriane oppleving av kvardagen, brukarmedverkand i praksis, utfordrande situasjonar og informasjon og ivaretaking av juridiske rettar.

4.7 Oppleving av kvardagen

Under denne kategorien trakk dei tilsette fram verdien av å skapa gode, tillitsfulle, trygge og omsorgsfulle relasjonar gjennom samhandling med ungdommane. Eg tek med nokre sitat som døme her.

Informant 8:

«Jeg tenker jo det at man må starte med en type relasjonsbygging. Har man ikke det fundamentet i bunn så er det vanskelig å på en måte kunne oppnå noe med samtlige. Og der bruker vi jo på en måte litt tid, vi har noe som kalles en innkjøringsleir, det er noe man har i starten. Og så kommer man ned hit, og da går hverdagene mye i det å være sammen med ungdommene. Jeg tenker jo at ungdommene er forskjellige og de trengs å møtes på forskjellig måte, individuelt. Jeg ser jo på en måte det at, den måten jeg synes er greiest er å være deg selv, ikke på en måte herme etter en voksen, men finne din måte å håndtere ting på. Og så en veldig god balanse mellom den biten med å vise omsorg i ren fysisk omsorg, og det å gå inn å vise i forhold til mer begrensninger og hverdagslige korreksjoner».

«Balansegangen mellom å gi omsorg og sette grenser kan være krevende. Denne balansegangen kan slik jeg ser det kanskje bikke litt over, hvis du ikke er veldig bevisst på det, kan bikke over litt på den vennerelasjonen, og da steiler jeg. Det tenker jeg kan bli ødeleggende for de, for da mister man slik grepet og respekten. Omsorg er å sette grenser faktisk, sette grenser og være tydelig, at ungdommen føler du er trygg i det du gjør. Det skal aldri være noe tvil om det, og da kan man sette grenser, og så er det den omsorgsbiten som jeg nevner, og det kan være at vi smører matpakken deres om morgenen, og gir de en klapp på skulderen, hente de, at de får være med og bestemme hva vi skal ha til middag. Det er stort begrep».

«Veldig mange har jo ikke så veldig mye tillit og det tar lang tid før man får tillit, men man må på en måte bygge opp tilliten da hos ungdommen over tid. Og da gjelder det på en måte det man sier av lovnader, at man holder de tingene, og ikke kommer med forventninger som ikke kan innfris. De kan kanskje innfris, men de blir allikevel oppfattet som et personlig nederlag. For eksempel at i kveld skal vi stikke å trene, men så blir det ikke deg, men det blir han andre, og da blir det litt av et nederlag for ungdommen, og da minsker tilliten til deg da».

Informant 9:

«Jeg tenker at ungdommer er veldig avhengig av å føle trygghet og tillit, og at de får den respekten de fortjener. De skal ha grenser og omsorg. Det er vel de tinga som skaper den relasjonen som er bærende, slik at vi kan starte med behandlingen vår. Bærende relasjoner er det vel det viktigste her. Har du en bærende relasjon til en ungdom, så har du tilliten, du har respekten».

Informant 10:

«Det er de første dagene og ukene som er viktige, man buser ikke rett bort og overtar styringen. Vi ser jo an lille grann, men så er det de samtalene da som er veldig viktig. Vi starter veldig tidlig med å bli kjent med ungdommen vår, og da kan vi gjøre ting sammen med de. Selv om du er voksen så kan du ha humor, du kan være med å leke litt, ja sette grenser for de, være med de på det nivået de er».

Informant 11:

«Våres ungdommer er jo som regel fattige på det å mestre. Det kan hende de har mestra mye på en destruktiv måte i rusmiljøet. Men når de kommer hit så må jo vi på en måte snu den mestringsspiralen til positive ting. Jeg ser jo at i begynnelsen så har vi egentlig lave krav i forhold til det å mestre. Altså det handler om basale ting i hverdagen. Og så utvikler dette seg. Jeg ser at det viktigste for våres ungdommer etter hvert det er jo det å føle en mestring i forhold til egen behandling. Det at man klarer å jobbe med de forventningene som ligger i behandlingsprogrammet vårt, og se at man lykkes, og se at man faktisk kanskje kan få et allright liv».

Informant 13:

«Vi har en målgruppe hvor det er høyst nødvendig med en god og oversiktlig hverdag. Disse har kommt med knekk i knea, og har rust seg mye, vagabondert, og vært uten omsorg i fra voksne i lang tid før de kommer hit. Så det å ramme de i en strukturert hverdag, det er på en måte det føste vi begynner med det og».

4.8 Medverknad i praksis

Her vart det spurt om kva faktorar dei tilsette meiner er positive for å fremja brukar-medverknad hos ungdommar, kva dei tenkjer ungdom skal få vera med på å bestemma og kva dei skal sleppa, og om dei snakkar med ungdommar om deira tankar om eiga framtid. Svara gav fyldige synspunkt, og eg tek her med ein del sitat.

Informant 9:

Faktorar for å fremja brukarmedverknad:

«Jeg tenker det er veldig viktig at ungdommen selv får være med å ha noen synspunkter. De må fremme hva de på en måte ønsker, det er kjempeviktig. Det være seg i behandlingen også. Så jeg spør også i forhold til ungdommen, hva tenker du selv er viktig her, og starte med, er det rushistorie, eller er det barndommen».

«Og så har de alltid en mulighet til å ønske seg ting i forhold til aktiviteter. Hver fredag så har vi en samling hvor folk kan komme med ønsker i forhold til hva de vil gjøre her i løpet av helgen. Og egne ungdomssamlinger, og dagsønsker hvor de setter opp ønsker for hva de vil gjøre, og så imøtekommer vi så best vi kan da».

Informant 8:

«Jeg tenker det er viktig med et personlig engasjement, du må på en måte vise, tror ikke du trenger å overdrive, men jeg tror du må ha en viss liten glød som forhåpentligvis smitter litt over, for der tror jeg mye av nøkkelen er. Pluss at hvis ikke ting fungerer, går litt skeis, så må ikke det bli det største nederlag».

«Man prøver på en måte å motivere der ungdommen er, og på en måte møter de mye på deres premisser, for å ikke glemme at de faktisk er ungdommer, og synes fortsatt at mange ting er kjedelige. Men man må på en måte gjøre det slik at det blir litt interessant. At de sitter med et spørsmål, nå spurte han meg om noe, hva ligger det i det. Hva er si, kiting, hva er det? Kanskje jeg skal bli med, kanskje jeg finner det ut. Viktig å ha ungdommene med seg, fordi de må ville. Det er vanskelig å overbevise eller tvinge på noen som ikke vil. Noen ganger går det bra og andre ganger krasjer det».

Informant 11:

Om kva ungdom skal få vera med å bestemma og omvendt; sleppa.

«Innimellom så må vi inn og bestemme. Det handler jo først og fremst om ungdommer som ikke står i sin egen behandling, og velger å trekke seg unna. Og det får du ikke lov å bestemme selv her, og da kan vi bestemme at for eksempel at nå må du reise ut på en tur med to voksne, for vi ser at du står fast og at du strever. Og da kan jo ungdommen si, nei nei nei, men når vi har bestemt oss der da bruker vi tiden på å motivere og overtale for å få ungdommen ut. Ja, det er noen slike skjæringspunkter, hvor du ser at nå er man i ferd med å begynne å ta dårlige valg for seg selv, eller gruppen her, da må jo vi inn som voksne og regulere dette her».

Informant 9:

Om å snakka med ungdom om framtidsdraumar:

«Det er vi veldig opptatt av faktisk, og høre om de har noen drømmer fremover, hva vil du med livet ditt. De fleste som kommer hit som er på tvang de vil som regel ikke være her. Så vi bruker masse tid da på en måte å få de til å forstå hvorfor de er her, at de har et problem. At det her vil ende galt av sted hvis de ikke klarer å endre kognitiv tankegangen sin om at rus er noe som man trenger, for det gjør ingen. Og så snakker vi om drømmer, hva kunne du tenke deg å gjøre her fremover. Og da er det, de fleste vil på skolen, de fleste vil ha en jobb, de vil ha en familie, noen vil reise. Så de fleste har en visjon om hva de vil, men så er det for oss da å tilrettelegge så dette kan komme i gang slik etter hvert. Så da har vi skolen vår, og så er det aktiviteter».

Om ungdommar vert tekne med ved utarbeiding av handlingsplanar

Når det gjeld handlingsplanar svarar alle dei tilsette som vart intervjuat at ungdommane får vera med i prosessen når det gjeld utarbeiding av handlingsplanar. Informant 9 viser til at:

«Da de kommer hit er det et intervju med ungdommene. På bakgrunn av det så ser vi sammen med ungdommen hva som er problemområdene. Det tar vi med oss inn i handlingsplanen. Ungdommer sitter ikke ved siden av og skriver handlingsplan, men det er på bakgrunn av addad intervju så skriver vi en handlingsplan. Så kommer ungdommen inn, ser gjennom hvert punkt, kan kommentere og dirigere om de ikke er enige. Og så redigerer vi, og sammen med ungdommen så skriver vi under da. Hvis ikke ungdommen hadde vært med på prosessen med handlingsplan så hadde ikke dette vært verktøyet deres i det hele tatt. Da hadde det bare vært vår synsing, og da hadde de kanskje heller ikke forstått hvorfor vi mener som vi mener. Derfor er det viktig at de får komme med synspunkter, og se det selv».

4.9 Utfordrande situasjonar

Her vart miljøpersonalet spurt om korleis dei opplever utfordrande situasjonar som oppstår med ungdom og korleis dei handterer slike situasjonar. Nokre døme vert her tekne med.

Informant 9:

«Vi har mye adferds ungdommer, vi har jo det, og kombinert med et rusmiljø fra der de kommer fra, og det er vanskelig å vite hva normalgrensene går ut på. Men jeg tenker vi korrigerer i situasjonen, tar de med ut i fra gruppen, og forklarer at nå synes jeg dette ble feil. Jeg tenker at det er viktig at du tenker over det og det. Og så går de inn igjen og så prøver de litt til».

Informant 8:

«Jeg tenker det er veldig fort gjort å vippe ting over bord her, men jeg tenker med relasjonsbygging og litt tilbake til det da, og jobbet litt med ungdommen, så har man på en måte forhåpentligvis fått kartlagt noen biter, og da greier man i så fall, relativt kjapt da, å håndtere situasjonen på en ok måte, og så kan man finspisse dette her».

Informant 12:

«Det er enkelte ting barn ikke skal bestemme over. Det er noe av grunnen til at man kaller det voksne, alle de som jobber her er voksne, for å ha et fokus på at noe tilhører voksenverdenen, andre ting tilhører ungdommen. Noen ganger så må vi si til deg at det er dette som er riktig for deg. Enkelte ungdommer klarer ikke å ta en avgjørelse for sitt eget liv, det er kanskje det største man gjør. Og når man er så ung, så klarer man ikke det. Dette handler om erfaring og modning, og da trenger de veiledning og støtte».

4.10 Informasjon og ivaretaking av juridiske rettar

Her vart miljøpersonalet spurt om kva informasjon som vert gjeve til ungdommane og korleis dei vert opplyst om rettane sine. To sitat vert her tekne med.

Informant 9:

«Før ungdommen kommer hit er de på en innkjøringsleir, hvor ungdommen møtes. Der går vi gjennom regler og rutiner som gjelder, så allerede der blir de på en måte minnet på hvordan det er på institusjonen. Det er mye å forholde seg til, men vi minner de på, og det går en liten stund og så sitter det. Det er også to samlinger om dagen, der ungdommer og voksne møtes, og her blir det og gitt informasjon».

Informant 12:

«Første stopp for ungdom er på såkalt innkjøringsleir, hvor ungdommene møtes for første gang. Da er vi pålagt fra fylkesmannen og gjennomgå en slik lang brosjyre, hvor det står alle rettigheter og alle plikter man har. Og det er jo relatert til de strengeste forskriftene i Rettighetsforskriften. Så vi gjennomgår alltid dette, det er det første vi gjør når vi får ungdommer her».

5.0 Drøfting

I denne delen vil eg drøfta datamaterialet opp mot teoriar og tidlegare forskning (som er gjort greie for i teoridelen), slik at eg kan svara på problemstillinga. Eg tek utgangspunkt i sitat som eg nyttar som grunnlag for drøftinga. Det er her av interesse korleis data samsvarar, eller ikkje, med teoriar og tidlegare forskning på området. Samstundes ønskjer eg å få fram kva særskilt ungdom og tilsette vektlegg. Informantane er i rekkjefølgje 1 – 7 ungdommar og 8 – 12 tilsette.

For å systematisera datamaterialet har eg valt å dela drøftingsdelen inn i følgjande fire kategoriar:

- Relasjonar
- Kommunikasjon
- Brukarmedverknad i praksis
- Ivaretaking av juridiske rettar

Under kvar av desse fire hovudkategoriane kjem det så nokre underkategoriar. Deretter drøftar eg ut frå datamaterialet ulike utfordrande sider ved brukarmedverknad. For å gje ei oversikt over strukturen i denne delen har eg valt å ta med skissa på neste side. Den viser rekkjefølgja av moment som eg vil drøfta nærare.

Problemstilling:

Kva faktorar vektlegg ungdom og tilsette når det gjeld å fremja brukarmedverknad for ungdom under opphald ved barneverninstitusjonar?

- Og kva kan vera utfordringane?



RELASJONAR

Av datamaterialet frå intervjua kjem det fram at relasjonar er sentralt når det gjeld brukarmedverknad, noko som handlar om individ, situasjon og det kollektive.

Innanfor relasjon vert følgjande faktorar drøfta:

- Veremåte
- Det å verta møtt på ein høfleg og respektfull måte
- Tryggleik og tillit i relasjonar
- Empati
- Anerkjennning
- Motivasjon og meistring

Under kvar av desse faktorane vert så utfordrande sider drøfta.

Relasjonar vert vidare delt inn i følgjande tre faktorar:



KOMMUNIKASJON

- Meininga med kommunikasjon og brukarmedverknad
- Utfordrande sider ved kommunikasjon
- Informasjon
- Utfordrande sider ved informasjon og brukarmedverknad.

BRUKARMEDVERKNAD I PRAKSIS

- Ungdom og tilsette sine opplevingar av brukarmedverknad i praksis
- Utfordringar knytt til medverknad i praksis
- Ungdom si deltaking ved utarbeiding av handlingsplanar
- Makt
- Ethiske omsyn
- Bruk av kritisk refleksjon hos sosialarbeidaren

IVARETAKING AV JURIDISKE RETTAR

- Kor vidt opplever ungdom og tilsette at rettane til ungdom vert ivaretatt?
- Utfordrande sider ved ivaretaking av juridiske rettar og brukarmedverknad.

5.1 Relasjonar

I teoridelen vart det vektlegg verdien av å ha ein god relasjon mellom ungdommar og tilsette for å fremja brukarmedverknad. Kva seier så informantane rundt relasjonsomgrepet?

Kva tankar har dei? Av datamaterialet frå intervjuet med ungdommane og dei tilsette ved dei to barneverninstitusjonane kjem det fram at faktorar som dei vektlegg for å fremja brukarmedverknad i stor grad handlar om relasjonsmessige tilhøve. Ungdommane gjev uttrykk for at dei legg vekt på å ha det trygt og godt under opphaldet, at dei vaksne er til å stola på, bryr seg og er imøtekomande. Døme på dette kjem fram hos ungdom (informant 5), som ikkje har oppleving av å vera på ein barneverninstitusjon, og skildrar dei vaksne som «*mange mammaer og pappaer*», og ungdom (informant 6) viser til at personalet er hyggjelege, og at «*du blir veldig knyttet til de*».

Dei tilsette på si side trekkjer fram at ein god og berande relasjon med ungdommane er avgjerande for å fremja brukarmedverknad. Tilsett (informant 8) viser til:

«at man må starte med en type relasjonsbygging. Har man ikke det fundamentet i bunn så er det vanskelig å på en måte kunne oppnå noe med samtlige».

Tilsett (informant 9) viser til ein «*bærende relasjon*» som viktig for ungdommane. Det vert vist til at relasjonen er sentral for å koma i posisjon til å arbeida med ungdommane. Informant 10 seier at det er gjennom «*samtalene*» med ungdommane at ein vert kjent med dei og kan leggja til rette for å gjera ting saman med dei.

Kva tyder dette på i praksis? Som det går fram av sitata ovanfor vert relasjonen og samhandlinga trekt fram som faktorar som er med på å fremja brukarmedverknad. Her kan dei tilsette sine måtar å møte ungdommane på påverka graden av medverknad. Relasjonar går begge vegar, og arbeidsalliansen mellom ungdommar og tilsette kan gjensidig verta påverka av kvarandre.

Røkenes og Hanssen (2012) viser til at ein god relasjon byggjer på ein samhandlingsprosess som er med på og skapar tillit, tryggleik og truverde, der eigenskapane hos fagpersonane er viktige:

«Gode fagfolk kan samhandle med andre mennesker på en måte som bidrar til å skape trygghet, tillit, åpenhet, respekt og anerkjennelse, og som fremmer selvstendighet og medvirkning» (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 18).

Relasjonar kan med andre ord vera med på å fremja medverknad, noko som vidare kan påverka kvaliteten på relasjonen. Trygge relasjonar kan her ha mykje å seia for at ungdommar opnar seg, og såleis opplever at dei vert sett, høyrte og involvert. Dei tilsette har, som tidlegare nemnt, trekt fram ein berande relasjon som eit sentralt fundament for å fremja brukar-medverknad. Røkenes og Hanssen (2012) viser til at ein berande relasjon er kjenneteikna av tillit, respekt, tryggleik og at den einskilde opplever at han/ho vert møtt på ein god måte.

Utfordrande sider ved relasjon og brukarmedverknad

Av data frå intervjua kjem det og fram utfordrande sider ved relasjonar og medverknad.

Til dømes ungdom (informant 6) som uttrykkjer seg slik:

«Det er noen som ikke har jobbet her så lenge da, som ikke vet helt hvor de kan slippe litt opp og slike ting. Og noen som har jobbet her lengre og som slipper opp og klarer å stå for det som blir sagt».

Og tilsett (informant 8):

«.....noen kommer man nesten ikke i posisjon til, noen har på en måte sperra den. Andre er litt enklere, de jobber du på en måte litt mer med og får det til sånn noenlunde».

«Jeg tenker at hvis man skal få en helt ok match så tenker jeg det er mye som skal stemme. Det må være type kjemi, man vil alltid møte på arbeidskollegaer i arbeidslivet, noen liker du å jobbe med og omvendt. Slik er det bare, og der må man være realistisk, man kan ikke få 100 % kjemi med alle ungdommer».

Som det går fram av sitata ovanfor ser ein at ungdommar og tilsette opplever utfordrande situasjonar når det gjeld relasjonsmessige tilhøve.

Det å skapa ein god relasjon kan vera krevjande på fleire måtar. Her kan til dømes tidlegare bakgrunn hos ungdommar spela inn. Kvaran (1996, s. 78) viser til at:

«...mange av de barn og unge som er i institusjonene kan kjennetegnes ved at de har fått for lite omsorg, nærhet og trygghet samt mangel på muligheter til å utvikle relasjoner til voksne».

Det kan dermed for ein del ungdommar ta lang tid å byggja opp ein god og berande relasjon. Her kan og personlege eigenskapar hos ungdommar og tilsette påverka kvaliteten på relasjonen. Både kjemi og måten ein framstår på kan vera tilhøve som kan vera med på å hemma relasjonen mellom ungdom og tilsette, og dermed hemma medverknad (Tjelflaat & Ulset, 2007). Vidare kan relasjonen og verta utfordra ved at dei kan vera i ein opposisjonsfase når dei kjem til barneverninstitusjonar. Nokre ungdommar har og uheldige/negative røynsler frå tidlegare opphald ved andre barneverninstitusjonar (Lone & Lange-Nielsen, 2013). Noko som i andre omgang kan vera utfordrande for å koma i posisjon til å fremja brukarmedverknad.

Informantane la vidare vekt på veremåte som ein faktor for å fremja medverknad.

5.1.1 Veremåte

Ungdom opplyser i intervjumaterialet at dei set pris på at dei tilsette er venlege og imøtekomande. Til dømes ungdom (informant 7) som uttalar at:

«Alle her bryr seg egentlig heldigvis, så for meg er alle ganske gode ansatte» og informant 6 som opplyser at: «jeg synes personalet er hyggelige».

Og tilsett (informant 9):

«Jeg får mye tilbakemelding jeg, og det er på grunn av måten jeg er på. For jeg er veldig tydelig, og jeg snakker veldig tydelig, og jeg forholder meg til det som er».

Sitata syner at veremåte her vert forbunde med noko positivt. Dette handlar om ungdommane sine personlege opplevingar av situasjonar. Det at ungdommar opplever at dei vert møtt på ein hyggjeleg og vennleg måte kan vera med på å forsterka medverknad. Ut frå symbolsk interaksjonisme står samhandling sentralt (Levin og Trost 2005), noko som kan påverka graden av brukarmedverknad.

Som ein har sett kan veremåten til ungdommar og tilsette verka positivt inn når det gjeld å fremja medverknad. Ved at ungdommar opplever at dei vert sett og høyrd, kan det medverka til at dei dermed kjenner seg meir inkludert. Veremåte handlar i følgje Røkenes og Hanssen (2012) om korleis ein som sosialarbeidar møter den andre personen. Når ein er vennleg, interessert i klienten, framstår klart og tydeleg, kan det vera med på å fremja medverknad.

Tidlegare brukarundersøkingar gjort om brukarmedverknad, viser til at veremåten er av stor verdi når det gjeld å involvera ungdommar i prosessar (Gautun mfl., 2006).

Utfordrande sider ved veremåte og brukarmedverknad

Under opphald i barneverninstitusjonar kan det dagleg oppstå ulike grader av både gode og mindre gode situasjonar. Av datamaterialet kjem det og fram døme på utfordrande sider knytt til veremåte. Til dømes informant 3, som etterlyser at personalet hadde hatt:

«Litt mer sånn samtale med oss og litt såne ting, men det er ikke bare sånn at de ansatte sitter seg ned og snakker med oss en og en. Jeg går ofte bort og snakker med de, men da er det ofte sånn at det sitter fem personer der samtidig».

Ungdommar som bur på institusjonar over eit kortare eller lengre tidsrom (alt avhengig av tidsrommet for plasseringa) kjem naturleg nok tett innpå kvarandre. Som dømet ovanfor viser kan relasjonar verta påverka både av einskildsituasjonar, individuelle- og eller kollektive faktorar. Ved at det er sider ved relasjonar som ikkje vert opplevd som bra, kan det og vera med på å hemma brukarmedverknad

Døme på andre utfordringar som kjem fram av datamaterialet er når ein av ungdommane (informant 1) uttalte at det var skilnad i personalet sine veremåtar, ved at «noen er mye surere og andre er mykere». Når ungdommar opplever skilnad på tilsette kan dette vera knytt både til individuelle og situasjonsmessige tilhøve. Tidlegare undersøkingar syner at ungdommar har opplevd skilnad i personalet sine veremåtar. Dette kan mellom anna skuldast at det ikkje alltid er like lett å stola på tilsette. Ungdommar kan vidare synest det er vanskeleg å snakka med vaksne om ting. Her kan tidlegare bakgrunn og røysler med andre vaksne spela inn (Gautun mfl., 2006).

Av andre faktorar som ungdommane i intervjuet vektlegg for å fremja brukarmedverknad er at dei vert møtt på ein høfleg og respektfull måte, noko dei tilsette også kjem inn på.

5.1.2 Det å verta møtt på ein høfleg og respektfull måte

Ungdommane vart her spurt konkret om dei vart møtt på ein høfleg og respektfull måte frå dei tilsette. Datamaterialet viser at 5 av 7 ungdommar opplyser at dei vert møtt med respekt frå tilsette. Til dømes ungdom (informant 7) som seier:

«Jeg blir jo møtt med høflighet på daglig basis og respekt for den slags skyld», og informant 5 som uttaler at «alle sammen respekterer hverandre».

Også dei tilsette legg vekt på å møta ungdommar med respekt, til dømes informant 9 som uttaler: «...at de får den respekten de fortjener».

Det at ungdommar opplever og verta møtt på ein høfleg og respektfull måte kan ha stor verdi med omsyn til ungdommar sitt eige sjølvbilet. Ungdommane legg i intervjuet vekt på at måten dei vert møtt på har stor verdi når det gjeld å fremja trivsel og medverknad ved institusjonane. Det handlar om den einsskilde ungdom si oppleving av respekt, om dei ikkje vert møtt av dei tilsette på det, er det vanskeleg å oppnå brukarmedverknad.

Måten tilsette møter ungdommar på er vesentleg for å gje dei tru på seg sjølve. Ved at tilsette ser og inkluderer ungdommane kan det vera med på å fremja brukarmedverknad. Medverknad i praksis handlar mellom anna om grunnleggjande eigenskapar som det å visa respekt og det å vera høfleg (Follesø, 2006).

Av intervjuet materialet kjem det og fram utfordrande sider ved respekt som eg no går nærare inn på.

Utfordrande sider ved respekt og brukarmedverknad

Sjølv om ungdommane opplyser at dei oftast vert møtt med respekt, kjem det også fram nyansar. Til dømes ungdom (informant 3):

«Jeg blir møtt med respekt av de fleste, men det er jo noen som kommer med spydige kommentarer og litt sånn innimellom».

Og ungdom (informant 7) som uttrykkjer seg slik :

«Jeg blir jo møtt med høflighet på daglig basis og respekt for den slags skyld. Men det kan være til noen tider hvor ting ikke blir forklart og da føler jeg ikke vi blir respektert som ungdommer mer».

Det å verta møtt med respekt kan og by på utfordringar som døma ovanfor syner. Her kan både tilhøve ved ungdommane sjølve, dei tilsette og sjølve situasjonen i seg sjølv spela inn. Når mange ungdommar og tilsette er samla ved ein barneverninstitusjon kan det her vera ei naturleg forklaring på at ikkje alle likar alle. Dersom ungdom er i ein form for opposisjon til dei tilsette, eller den tilsette svarar på ein uheldig måte kan det medføra å svekka arbeidsalliansen, og dermed gå ut over oppleving av medverknad. Det å verta møtt med respekt er grunnleggjande for å få til medverknad, men kan vera utfordrande å få til kommunikasjonsmessig. Aamodt (1997) viser til at relasjonen mellom sosialarbeidar og klient må vera prega av gjensidig respekt, som medfører at begge partar vert påverka av den andre sitt nærvær.

Kvaliteten i relasjonar kan og skifta over tid, og vera ei utfordring når det gjeld å fremja medverknad. Det kan dermed vera ei utfordring ved at både ungdommar og tilsette oppfattar og vektlegg hendingar og situasjonar ulikt, samstundes som ein og kan ha mykje til felles. Aamodt (1997) viser i denne samanhengen til at kvaliteten i relasjonar vil vera avhengig av begge aktørar si deltaking. Innanfor eit slikt syn vil brukaren på sin måte vera både delaktig og ansvarleg for dei endringane som han/ho ønskjer i livet (Hyrve mfl., 2003). Vidare kjem det av intervjumaterialet fram at tryggleik og tillit er viktige faktorar for å fremja brukar-medverknad.

5.1.3 Tryggleik og tillit i relasjonar

Ungdommar opplyser at dei set pris på trygge og gode relasjonar, til dømes informant 7:

«En god miljøarbeider for meg, er vel en voksen som jeg føler meg trygg på, som jeg har bygd opp en god relasjon til, og jeg føler jeg stoler på, som er omsorgsfull og viser forståelse, rett og slett bryr seg da. Jeg kan ikke si at det er så mange her som kommer for å få lønna si. Alle her bryr seg egentlig heldigvis, så for meg er alle ganske gode ansatte».

Som datamaterialet tyder på så er tryggleik og omsorg viktige moment, noko tilsette og er inne på, til dømes informant 8:

«Veldig mange har jo ikke så veldig mye tillit og det tar lang tid før man får tillit, men man må på en måte bygge opp tilliten hos ungdommen over tid. Og da gjelder det på en måte det man sier av lovnader, at man holder de tingene, og ikke kommer med forventninger som ikke kan innfris».

Det å kjenna seg trygg og ha tillit til andre er sentralt når det gjeld samarbeid mellom ungdom og tilsette. For å fremja brukarmedverknad er ein med andre ord avhengig av å kunna lita på kvarandre i ein relasjon. Det har og noko å seia for det å kunna opna seg over for andre. Ungdommar er ofte i ein vanskelegstilt situasjon under opphald ved barneverninstitusjonar og då er det grunnleggjande viktig å kjenna seg trygg og kunna stola på andre (Gautun mfl., 2006). Undersøkingar har og vist at når slike føresetnader er på plass, så påverkar det arbeidsalliansen mellom brukar og sosialarbeidar på ein positiv måte (Shulman, 2003).

Utfordrande sider ved tryggleik og tillit når det gjeld brukarmedverknad

Det kjem av intervjuet også fram opplysningar som utfordrar tryggleik og tillit, til dømes ungdom (informant 6):

«Jeg har bodd her i 1 år, og har tillit til mange. Når det er vikarer er det en del jeg ikke har tillit til. Så det er skjev fordeling på vikarer som ikke er innkjørt og faste, så det blir stort sprang fra de som jobber her fast da. Så er det jo selvfølgelig noen som jobber fast og som jeg ikke liker like godt, som er for strenge».

Og tilsett (informant 9)

«Balansgangen mellom å gi omsorg og sette grenser kan være krevende. Denne balansgangen kan, slik jeg ser det, kanskje bikke litt over, hvis du ikke er veldig bevisst på det, kan bikke over litt på den vennerelasjonen, og da steiler jeg. Så vi er alltid enige om, stort sett, hva som på en måte gjelder for den ungdommen, men selvfølgelig så går det an å hjelpe vikarene våre, eller de som er unge ansatte, og de leser de som er usikre».

Som sitata viser kan det vera ulike utfordringar knytt til tryggleik og tillit. For ein del ungdommar kan det ta tid før dei finn sin plass ved barneverninstitusjonane, og dermed opnar seg for tilsette. Ungdommane viser og til at dei opplever skilnad på vikarar, og andre fast tilsette som har vore ved institusjonane over lengre tid. Det kan vera ei naturleg forklaring på at det tek tid for å finna sin plass, sjølv for vikarane. Her kan ungdommane

lett kunna merka det dersom vikarar er usikre. Dette kan i andre omgang vera ei utfordring for å skapa rom for medverknad om ungdom og tilsette ikkje kjenner seg trygge og tør opna seg for kvarandre. Tidlegare undersøkingar syner også at tillit er sentralt når det gjeld relasjonen mellom ungdommar og tilsette (Gautun mfl., 2006). Dersom sosialarbeidar ikkje framstår som trygg i ein relasjon vil det vera utfordrande når det gjeld å skapa tillit, noko som dermed kan hemma brukarmedverknad.

I intervju la ungdommane vekt på at dei tilsette bryr seg om, og ser dei i det daglege. Empati er ein viktig del av ein god relasjon, og kan spela ei sentral rolle for oppleving av brukarmedverknad (Brudal, 2006), noko som no vert drøfta nærare.

5.1.4 Empati

Av det som handlar om empati uttalar til dømes ungdom (informant 5):

«Alle sammen hører på hverandre hva vi har å si. Hvis vi merker at en person har det dårlig, så spør man om man har lyst å snakke med noen om det. Det er som en liten familie».

Og tilsett (informant 10) som uttalar om empatisk lytting:

«Å lytte er en aktiv handling, at jeg aktivt prøver å forstå deg, viser aktivt at jeg bekrefter deg, at jeg tror på deg, på dine ressurser. At ungdommene får komme frem og blir 100 % lyttet til, enda om ungdommen prater om rus. Går man i mot det blir det motstand og konfrontasjon».

Når ungdommar i intervju seier at dei trivst kan dette mellom anna hengja saman med korleis dei vert møtt av tilsette ved barneverninstitusjonane. Kva kan dette så ha å seia for relasjon og empati? Det å leggja til rette for ein god relasjon handlar om at ein som sosialarbeidar er open, ærleg, innstilt på å læra av kvarandre og kunna endra meiningar og syn undervegs (Røkenes & Hanssen, 2012).

For å fremja medverknad er det viktig at dei tilsette tek seg tid både til å lytta og snakka med ungdommar. Brukarmedverknad handlar om det å leggja til rette for at ein får høve til å medverka i eigen behandlingsprosess. For å få det til er det sentralt at ein stiller seg open, interessert og empatisk. Eit viktig poeng med empati er at ein kan sjå ein situasjon ut frå den andre sin synsvinkel; ut i frå hans/hennar normer, vurderingar og oppfatningar (Brudal, 2006).

Utfordrande sider ved empati og brukarmedverknad

Når det gjeld utfordrande sider ved empati viser mellom anna ungdom (informant 4) til:

«Det er litt forskjell på noen. Det er noen som legger litt mer i det og viser omsorg og sånn».

Det kan vera ulike grunnar til at ungdommar opplever skilnad på dei tilsette sin empatiske veremåte. Kan ein grunn her vera at dersom ungdom opplever avstanden til tilsette som stor, at dei dermed ikkje synes at dei utviser empati i like stor grad som andre tilsette?

Det kan og vera ulike oppfatningar i graden av korleis ungdommar oppfattar at tilsette bryr seg ved å utvisa empati. Empati tyder innleving, og er eit sentralt personlegdomstrekk (Røkenes & Hanssen, 2012).

Eit anna tilhøve som det går fram av intervjuet vil påverka brukarmedverknad er anerkjenning.

5.1.5 Anerkjenning

Ut frå datamaterialet kjem det fram at både ungdommar og tilsette vektlegg anerkjenning når det gjeld å fremja brukarmedverknad. Til dømes ungdom (informant 7) som viser til at:

«Jeg tok ikke tilbakemeldinger i det hele tatt til å begynne med. Det var absolutt nei, nei, helt til jeg innså at de som faktisk jobber her ønsker kun det beste for meg. Så jeg begynte å ta de til meg da, og gode ting skjedde der».

Og tilsett (informant 8) om tilbakemeldinger:

«Det tenker jeg er veldig viktig, man ser at det kan løfte veldig mange ungdommer på den tilbakemeldingsbiten. Jeg tror at det blir en positiv forsterker, og ungdommen får en glede, pluss at det man gjør faktisk er bra».

Anerkjenning handlar om den ein er, og måten ein framstår på i møtet med andre. Det å fremja brukarmedverknad handlar om at brukaren har ei kjensle av å vera verdt noko, og at det som han/ho meiner om sin eigen situasjon, har mening. Anerkjenning som eit omgrep handlar om ei oppleving og kjensle av at andre verdset og respekterer ein (Aamodt, 1997). Her kan ein argumentera for at opplevingar av situasjonar er avgjerande for å fremja brukarmedverknad.

Det at tilsette viser at dei har tru på ungdommar kan vera med på å gje dei tillit, styrkja sjølvbildet og vidare vera ei motiverande kraft. Det å anerkjenna på ein slik måte kan verka positivt for å fremja større myndiggjering og deltaking, noko som er sentralt innanfor empowermenttenkning. Ved at ungdom får tilbakemeldingar gjennom ekte og naturleg anerkjenning kan det vera med på å fremja større deltaking og brukarmedverknad. Røkenes og Hanssen (2012) skriv mellom anna som følgjer:

«En brukerorientert fagperson ivaretar den andres autonomi og interesser. Han eller hun søker også å forstå brukerperspektivet, det vil si hvordan den andre opplever sin verden, og å anerkjenne den andre som en likeverdig, aktiv samarbeidspartner gjennom reell brukermedvirkning» (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 38).

På den andre sida er det viktig å gje anerkjenning på eit varsamt og realistisk vis. Dersom anerkjenning skal ha meining, bør ho vera varsam og realistisk, slik at ho tener den hjelpetrengjande, og ikkje vert eit prosjekt i seg sjølv for den som gjev hjelp (Eide & Eide, 2004).

Utfordrande sider ved anerkjenning og brukarmedverknad

Eit døme på utfordrande sider ved anerkjenning og brukarmedverknad kjem fram av ungdom (informant 4) som uttrykkjer seg slik:

«Det er vel det å høre på oss ungdommer, ta det seriøst det vi sier, og så ta det videre med alle de andre som jobber her. Og gjøre noe med det ungdommene tar opp. Det opplever jeg ikke skjer i det hele tatt».

Kva kan så årsaka vera til at einskilde ungdommar ikkje alltid opplever å verta møtt på ein anerkjennande måte? Det å verta anerkjent er noko som er viktig for alle.

Kan det her tenkjast at ungdommar på bakgrunn av tidlegare negative opplevingar med vaksne, og opphald på andre barneverninstitusjonar, gjer at det vert vanskelegare å ta i mot tilbakemeldingar frå tilsette. Eller kan ein annan faktor vera at nokre av dei tilsette ikkje i tilstrekkeleg grad anerkjenner ungdommar, slik dei gjev uttrykk for?

Her skal ein vera varsam med å vera for bastant med å fastslå ein bestemt grunn. Både tilhøve ved ungdommane sjølve og dei tilsette kan her spela inn. I ein samtale kan ein ungdom oppleve seg forstått empatisk, men ikkje dermed oppleve at han/ho vert anerkjent, akseptert eller respektert (Røkenes & Hanssen, 2012).

Også evna til å lytta aktivt kan vera ei utfordrande side med omsyn til anerkjenning. Når ungdom opplever at dei tilsette ikkje lyttar godt nok til dei, kan det dermed hemma dialog og oppleving av medverknad.

Av datamaterialet går det og fram at ungdommar meiner at motivasjon og meistring er viktige faktorar for å fremja brukarmedverknad.

5.1.6 Motivasjon og meistring

Det at ungdom vektlegg motivasjon og meistring kjem til dømes fram av det som informant 7 uttalar:

«Jeg har ikke sett så mye av mine gode sider selv, eller ressurser eller noe i det hele tatt. Så det er egentlig de, inkluderte med alle andre voksne, som har pekt ut det for meg, og faktisk hjulpet meg på den måten.»

«De vil prøve å pusje og hjelpe oss. De ser at vi kanskje ikke har så veldig lyst da, så de vil prøve å hjelpe oss. Det er viktig å skjønne at man må gjøre jobben selv da. Det er noe jeg har sagt veldig lenge da, du kan heller ikke hjelpe en ungdom som ikke ønsker det, for de må i hvert fall ha bitte litt motivasjon for at det skal gå».

Tilsett (informant 11):

«Våres ungdommer er jo som regel fattige på det å mestre. Det kan hende de har mestra mye på en destruktiv måte i rusmiljøet. Men når de kommer hit så må jo vi på en måte snu den meistringsspiralen til positive ting. Jeg ser jo at i begynnelsen så har vi egentlig lave krav i forhold til det å mestre, altså det handler om basale ting i hverdagen».

Innan brukarmedverknad vil det å gje individ tru på seg sjølve vera ei viktig drivkraft når det gjeld å fremja medverknad. Fokuset ut frå eit styrkeperspektiv vil her vera å byggja opp under individet sine eigne evner, ressursar og styrkar. I staden for å vera utelukkande oppteken av manglar hos ungdommar, vil ein ut frå eit slikt perspektiv ha ei løysingsfokusert tilnærming (Løken, 2007). Gjennom å involvera ungdommar i eigne prosessar kan ein dermed oppmuntra dei ved å gje dei tru på seg sjølve.

Når det gjeld å fremja brukarmedverknad, vil både motivasjon og meistringstillit spela inn. Motivasjon kan koma frå både ytre og indre kjelder. Det å ha motivasjon er ikkje åleine alltid tilstrekkeleg for å endra åtferd, ein må ha ei oppleving av at det nyttar og ha tiltru til at ein kan gjennomføra det ein har bestemt seg for (Barth, Børtveit, & Prescott, 2001). Det at

ungdommar ser seg sjølve, og er mottakelege for ytre motivasjon, kan verka positivt for å fremja brukarmedverknad.

Utfordrande sider ved motivasjon og meistring når det gjeld brukarmedverknad

Utfordrande sider som ungdom gjev uttrykk for når det gjeld motivasjon og meistring kjem fram hos informant 3, som uttrykkjer seg slik:

«Sånn der hvis noen er på utluftning og så kommer tilbake igjen, og da må alle på huset samle seg i den sofaen der. Og så må den personen som er på utluftning fortelle kva han/hun og hele den pakken der. Jeg er jo ikke vant til det, for jeg har bodd andre steder før, så jeg er vant til hvis du gjør noe gærent, så er det ingen andre som får vite det. Jeg synes det er veldig ubehagelig å sitte å høre på alle andre, for å tenke at det hjelper oss. For hvis noen stikker av da og kommer tilbake igjen og forteller at jeg har rust meg på det og det, så sitter jo jeg bare der med det russuget og ikke vil høre i det hele tatt».

Og tilsett (informant 9):

«Jeg synes det er mest utfordrende å hankses med de som ikke har motivasjon, de som ikke finner den indre motivasjonen, det synes jeg er vanskelig. Alle har en driv, og det er å finne frem til den da. Jeg bruker ofte tankekart, rollespill. Mestring er nøkkelen her, så lenge de føler mestring, og føler de er verdt noe, så svinger det ganske kjapt».

Svara frå ungdom og tilsette syner at det ikkje alltid er lett å fremja brukarmedverknad når det er noko som buttar i mot. Motivasjon og meistring heng nært saman. Når ungdom fortel om tilhøve dei synes er vanskeleg, kan dette skuldast tidlegare negative røynsler dei har gjort seg heimanfrå eller frå tidlegare opphald ved andre barneverninstitusjonar.

Det kan ofte ta lang tid å byggja opp igjen sjølvtilitt og oppleve meistring og motivasjon om ungdommar kjenner seg langt nede (Hallgeir Brumoen, 2000).

Her kan det vera ei utfordring for sosialarbeidaren å vera tolmodig og stå i utfordrande situasjonar for å fremja medverknad på kort og eller lang sikt.

Eg går så vidare til den andre hovudfaktoren i drøftingsdelen; kva rolle kommunikasjon spelar når det gjeld å fremja medverknad.

5.2 Kommunikasjon

Ungdommane som vart intervjuja nemner ulike kommunikasjonsmessige tilhøve mellom ungdom og tilsette, som kan vera med på å fremja brukarmedverknad. Ungdommane legg her mellom anna vekt på det å verta snakka med og lytta til, og tilsette er opptekne av at ungdommane får koma fram med sine synspunkt. Til dømes ungdom (informant 1):

«Hvis det er skikkelig bra stemning på huset og alle sitter og snakker sammen».

«Når folk viser interesse for å snakke med meg så gjør det dagen min mye bedre».

Og tilsett (informant 10):

«Det viktigste er at ungdommene blir lyttet til, At jeg viser hva du sier kan ofte være beroligende, og at de da lettere kan lytte til det som jeg som voksen sier, og gjøre noe med samarbeidet».

Kommunikasjon er sentralt i alt arbeid med menneske. Det å skapa eit godt møte, saman med ein berande relasjon er ein viktig del av arbeidet. Det handlar mellom anna om eit opplevd fellesskap, å byggja relasjonar til andre og å stå i utfordrande situasjonar (Røkenes & Hanssen, 2012).

Symbolisk interaksjonisme vektlegg mellom anna språklege symbol i samhandlings-situasjonar. Når ungdommar møter tilsette og omvendt, vil ein ut frå eit slikt perspektiv fortolka den andre ut frå ei oppfatning av korleis den andre vert oppfatta. Her kan språket spela ei viktig rolle med måten ungdommar og tilsette tolkar den andre sin bodskap på (Levin & Trost, 2005).

Ved barneverninstitusjonar kjem ein i det daglege tett innpå kvarandre og her vert også kommunikasjon mellom tilsette og ungdommar utfordra i ulike samanhengar.

Utfordrande sider ved kommunikasjon

Når det gjeld utfordrande sider ved kommunikasjon uttalar ungdom (informant 4):

«Det er vel det å høre på oss ungdommer, ta det seriøst det vi sier, og så ta det videre med alle de andre som jobber her. Og gjøre noe med det ungdommene tar opp, det opplever jeg ikke skjer i det hele tatt».

Ungdom (informant 3):

«Det er noen av personalet som jeg sitter og snakker med hele tiden, men det er noen som er sånn, ok, hun liker jeg ikke».

Ei utfordrande side ved kommunikasjon kan vera å få i stand ein god dialog. Her kan ein som sosialarbeidar møte på ulike utfordringar i samhandling med ungdommar. Skau (2011) viser til at det å vera god til å kommunisera ikkje må forvekslast med det å vera sosial på overflata. Det handlar om grunnleggjande dugleikar, som det å lytta aktivt og å uttrykkja seg forståeleg. Brukarmedverknad handlar om det å verta involvert i prosessar, og då er evne og vilje til å lytta sentralt. Dersom kommunikasjonen går ut over arbeidsalliansen kan det vera med på å hemma brukarmedverknad (Røkenes & Hanssen, 2012).

Eit anna tilhøve som påverkar brukarmedverknad er informasjon, som no vert drøfta.

5.2.1 Informasjon

Ungdommane opplyser i intervjuet at dei er godt nøgde med både munnleg og skriftleg informasjon som vert gjeven ved institusjonane. 6 av 7 ungdommar gjev uttrykk for at dei mottek tilstrekkeleg informasjon. Døme på det er ungdom (informant 7), som uttrykkjer det slik:

«Når jeg kom hit fikk jeg informasjon om både rettigheter og plikter, både muntlig og skriftlig. Så vi blir godt informert».

Og vidare ungdom (informant 5), som uttalar :

«Fikk informasjon om alt jeg. Synes nesten det blir for mye informasjon. De sa jo hvorfor jeg var her, hvem som ville at jeg skulle hit».

Ungdom viser til at dei har fått tilstrekkeleg informasjon for å delta i opplegget som gjeld i kvardagen deira. Når ungdommar som oppheld seg ved barneverninstitusjonar får god informasjon gjennom medverknad kan det vera med på å styrkja deira egne ressursar i høve til behandlingsopplegget (Tjelflaat & Ulset, 2007). Noko som i andre omgang kan vera med på å fremja brukarmedverknad.

Sjølv om informasjon er med på å fremja medverknad, kan ein på den andre sida ikkje utelukka korleis ungdommane sjølv opplever og tolkar innhaldet i informasjon som vert gjeve i praksis. Då vender ein tilbake til det Levin og Trost (2005) seier om meininga ved språklege uttrykk, der individet kan oppfatta og tolka ting ulikt. Sjølv om utvalet av informantar svarar positivt når det gjeld informasjon som ein faktor som kan vera med på å fremja brukarmedverknad, er det ikkje sikkert at dette hadde vore tilfelle om fleire ungdommar hadde vore spurde.

For å fremja medverknad er det å verta informert sentralt ved at den det gjeld, vert høyrde, involvert og deltek i planlegging og behandling (Slettebø & Seim, 2007). Når ungdommar som oppheld seg ved barneverninstitusjonar får god informasjon gjennom medverknad kan det vera med på å styrkja deira eigne ressursar når det gjeld behandlingssopplegget (ibid.).

Utfordrande sider ved informasjon og brukarmedverknad

Sjølv om svara i datamaterialet i seg sjølv peikar i retning av at ungdommane er nøgde, treng ikkje dette nødvendigvis tyda på at all den samla informasjonen dermed vert lesen til punkt og prikke. Det kan her og vera eit spørsmål korleis den einskilde ungdom tolkar og oppfattar det dei mottek av informasjon.

Til dømes viser informant 2 til at det er: «*Utrolig mye brudd på beskjeder*».

Informanten viste til at det vart opplyst ulikt frå personale når det gjeld kva som var lov og ikkje i høve til bestemte reglar.

Det kan vera ulike årsaker til at ungdom opplever at dei ikkje vert ivaretekne når det gjeld informasjon. Til dømes: Kva måte vert informasjon formidla på? Er budskapet tydeleg? Har dei tilsette sjekka ut med ungdommar at dei faktisk har oppfatta budskapet på rett måte? Som ein ser kan det vera mange ulike fallgruver som ein kan hamna i.

I følgje Røkenes og Hanssen (2012) kan det som føregår i sjølv kommunikasjonsprosessen vera avgjerande korleis ein oppfattar den andre sin budskap. Vert det til dømes gjeve lik informasjon frå tilsette til ungdommane? Tydeleg informasjon vert understreka som ein viktig føresetnad for å oppfatta ein budskap, og for å unngå mistydingar (Eide & Eide, 2004).

Eg går så vidare til den tredje faktoren som handlar om korleis ungdommar og tilsette opplever brukarmedverknad i praksis.

5.3 Brukarmedverknad i praksis

Under denne kategorien vart ungdommar og tilsette spurt om korleis dei i praksis legg til rette for brukarmedverknad, retta mot både val av aktivitetar og deltaking i ulike møtefora. Data frå intervjua syner at fleirtalet av ungdommane gjev eit positivt bilete av det å få vera med å påverka i det daglege ved barneverninstitusjonane. I svara kjem det fram at ungdommane både får vera med på val av aktivitetar og er med på ulike møte. Til dømes (ungdom) informant 5:

«Det er ganske fastsatt, i hvert fall i ukedagene» «...viktig å få være med på å bestemme sin egen hverdag da. Alle ungdommene blir oppfordret til å få egen aktivitet utenom huset, for eksempel fotball eller dansing. Og da får en jo lov til å bestemme selv hva en vil. Så lenge det ikke er skyting eller kampsport eller slike ting, så får vi lov til det meste».

Ungdommane trekkjer og fram at dei er med på fleire møte for veka, og at dette er ein sentral arena for medverknad. Til dømes informant 1:

«Når en er ungdomsansvarlig for en uke så får du bestemme, hvis en for eksempel skal bowle en dag og hva du gjør på dagene, og så er det aktiviteter hele veien».

Informant 7 opplyser om at det er individuelle samtaler:

«Vi har det en gang i uken alle sammen, individuelle samtale. Da velger vi oss en dag vi selv velger, hvor vi setter av en viss tid til å prate med de voksne da. Og da vil for eksempel jeg og den voksne gå, på det tidspunktet da, til et rom, sitte alene og prate, og jeg vil få spørsmål om hvordan jeg har det, hva jeg tenker om på dagen da. Hvis jeg har det vanskelig så vil vi gjerne prate om det for å få det bedre da».

Når ungdommane svarar positivt på deltaking i val av aktivitetar, kan det tyda på at dei to barneverninstitusjonane, som eg har intervjuet, er opptekne av å leggja til rette for at dei vert involvert i daglege gjeremål. Medverknad handlar og om å leggja praktisk til rette for at ein kan få vera med på å påverka sin eigen situasjon (Larsen, Nordal, & Aasheim, 2006).

Brukarmedverknad har og ein del dimensjonar ved seg. Ved barneverninstitusjonar kan det her vera eit spørsmål både om, og i kva grad, barn får medverka, premissane for deltaking, og korleis dei tilsette legg til rette for brukarmedverknad.

Når ein ser på svara frå dei tilsette tyder det på at dei er opptekne av å leggja til rette for at ungdommane skal få vera med på å føreta ulike val. Til dømes tilsett (informant 9):

«Jeg tenker det er veldig viktig at ungdommen selv får være med og ha noen synspunkter. Det må fremme hva de på en måte ønsker, det er kjempeviktig. Det være seg i behandlingen også».

Involvering er ein viktig faktor når det gjeld medverknad; det at den einskilde brukar sjølv får oppleve at hans/hennar stemme vert både sett og høyrd. Det gjer og noko til at ungdom kan vera med på å utvikla eit positivt sjølvbilete (Thrana, 2008).

For at brukarmedverknad skal verka i praksis, er det viktig å sjå meininga med det som ligg bak omgrepet, mellom anna: Medverknad kan gje ei kjensle av vyrdnad, det er brukaren sjølv som «vet best hvor skoen trykker...», og kjenner best seg sjølv, og kan definera kva som vert opplevd som god hjelp. Brukarmedverknad kan vidare gje ansvarskjensle, og gjera noko verdfullt når det gjeld måloppnåing og livskvalitet. Til sist kan det medføra positive resultat av di brukaren sjølv vert involvert (Slettebø & Seim, 2007).

Utfordringar knytt til medverknad i praksis

Ut frå intervjuet kjem det og fram utfordrande sider ved brukarmedverknad. Til dømes ungdom (informant 4) som opplyser at det er mange diskusjonar om ting:

«Det er jo mye diskusjoner og sånn da, men til syvende og sist får vi vite at det er de voksne som bestemmer. Det er jo mange som er uenige i at de voksne skal bestemme, men sånn er det bare».

Informant 2:

Opplyser om å ha prøvd å påverka å eit konkret tilhøve ved institusjonen utan å lukkast;

«Jeg har kjempet en lang kamp for ...».

Av ovannemnde sitat kan det synest som om ungdom i liten grad deltek i avgjerdsprosessar, og at det er dei tilsette som har det siste ordet. Her kan det stillast spørsmål ved i kva grad ungdommar får vera med å påverka. Dersom ungdommar har lita, avgrensa eller inga påverknad når det gjeld endeleg avgjerd om saker som gjeld deira eige liv, tener ikkje det

brukarmedverknad etter sitt føremål om å involvera brukarane sjølve (Seim og Slettebø, 2007).

Den eine ungdommen opplyser at det ofte er mange diskusjonar, men får vita at det til sist er dei vaksne som avgjer og avfinn seg med det. Den andre ungdommen opplyser om eit tilhøve som konkret er teke opp med omsyn til forbetring, utan å ha fått gjennomslag for framlegget.

Når det er mange ungdommar samla ved ein barneverninstitusjon, kan det snøgt oppstå ulike diskusjonar om korleis ting vert løyst i praksis. Her kan og normer og verdisyn spela inn hos den einskilde i oppfatninga av kven som er med på og får påverka avgjerder. Verdier og normer kan her koma på kant med institusjonane og dei tilsette sine verdier. Ei anna forklaring kan her skuldast ulike oppfatningar om korleis ting bør vera og fungera ut frå eigne opparbeidde oppfatningar og forventningar (Tjelflaat & Ulset, 2007).

Ungdom si deltaking ved utarbeiding av handlingsplanar

I intervjuet vart ungdommane spurt om dei får vera med på å utarbeida handlingsplanar. Dei tilsette vart spurde om kor vidt dei tilrettelegg for at ungdommar vert tekne med ved utarbeiding av slike planar. Det er vanleg at barneverninstitusjonane utarbeider ein handlingsplan for ungdom under opphaldet. Det er ein meir spesifisert plan som inneheld kva som er hovud- og delmål og tiltak under vegs i opphaldet. Handlingsplanen er ein meir detaljert plan enn den overordna tiltaksplanen som barnevernstenesta utarbeidar; jfr. barnevernlova §§ 4-5, 4-15, 4-28.

5 av 7 ungdommar svarar for det meste positivt på spørsmål om dei er med ved utarbeidinga av handlingsplan. Til dømes ungdom (informant 7):

«Ja, jeg har vært med på å utarbeide handlingsplan. Da sitter vi oss ned med en voksen alene da og går gjennom planen, og får komme med innspill».

Intervjuet viser med andre ord at det for det meste vert teke omsyn til å involvera ungdommar i prosessen ved utarbeiding av handlingsplanar. Slike planar vil vera eit viktig verktøy med omsyn til kva som er føremål og mål for opphaldet til ungdommane, jfr. lovgrunnlaget som vist til ovanfor. Skal planen verka i praksis er det også viktig at den det gjeld vert involvert i eiga sak og får koma med innspel.

Tilsette viser og til at ungdom er med på og utarbeidar handlingsplanar, til dømes informant 9:

«Da de kommer er det et intervju med ungdommene. På bakgrunn av det så ser vi sammen med ungdommen hva som er problemområdene. Det tar vi med oss inn i handlingsplanen. Hvis ikke ungdommen hadde vært med på prosessen med handlingsplan, så hadde ikke dette vært verktøyet deres i det hele tatt. Da hadde det bare vært synsing, og da hadde de kanskje ikke heller forstått hvorfor vi mener som vi mener. Derfor er det viktig at de får komme med synspunkter, og se det selv».

Brukarmedverknad legg mellom anna vekt på at det er brukaren sjølv som sit inne med ressursar, og at det er verdfullt for behandlingssopplegget at brukaren sjølv får vera med i planprosessen (Slettebø & Seim, 2007).

Utfordringar ved at ungdom ikkje kjenner til handlingsplan, og får vera med ved utarbeiding av denne

To av ungdommane svarar i mindre grad at dei har vore med på å utarbeida handlingsplan. Ungdom (informant 4) uttalar som følgjer:

«Jeg har ikke fått være med og laget målene, men de har sånne mål som blir satt opp; bli rusfri. Og på hvert ansvarsgruppemøte så går vi gjennom om målene er nådd».

Og ungdom (informant 2):

«Jeg kjenner ikke til at jeg har vært med og utarbeidet noen handlingsplan».

Ut frå det som vert opplyst kan det vera ei reell utfordring dersom det faktisk har hendt at ungdom ikkje vert tekne med. Dersom ungdommar ikkje vert tekne med, kan det medføra at dei ikkje får noko eigartilhøve til sin eigen handlingsplan, noko som er viktig ut frå barnevernlova sine paragrafar, som vist til tidlegare. Då kan ein vidare spørja seg kva ungdommane tenkjer rundt tiltaka og måla som ligg i planen. Når brukaren sjølv er med i prosessar syner det seg at tiltaka verkar betre etter føremålet (Slettebø & Seim, 2007).

I det neste avsnittet vert det sett nærare på makt, som er ein viktig dimensjon ved brukarmedverknad.

5.3.1 Makt

Av det som kjem fram frå ungdommar og tilsette som vart intervjuar har ein sett at det ligg makt i dei mellommenneskelege relasjonane mellom ungdommar og dei tilsette. Aamodt (1997) viser til at det i relasjonar alltid vil vera eit asymmetrisk forhold mellom barn og vaksne, ved at det er ulik balanse mellom dei. For tilsette ved barneverninstitusjonar kan det ut frå både posisjon, autoritet og styrkjetilhøve gjera at dei lett kan koma i ein maktposisjon til ungdommar. Makt kan vera med på å påverka i positiv forstand, når den vert forvalta på etisk godt vis (Ibid.).

Korleis kjem så ungdommar og tilsette sine syn konkret fram når det gjeld tilhøve som handlar om makt? Eg vel å byrja med noko som ein av ungdommane (informant 7) uttala seg om, og som skildrar motstand mot å endra seg ved starten av opphaldet:

«Det har tatt lang tid for meg å oppfatte at de grensene vi har faktisk er ganske bra, det er viktig at vi har slike grenser. Det vil skape en trygghet, og så vil det hjelpe oss med selvstendighetstrening».

Tilsett (informant 11) viser til meininga av makt i samhandlingssituasjonar med ungdommar:

«Der ligger jo makta hos oss for å si det sånn. Og så er det jo opp til oss om vi bruker makten på en positiv eller negativ måte. Jeg tenker at vi har et stort ansvar i forhold til det å tilnærme oss ungdommene i disse her situasjonene, at de føler at de har en stemme i forhold til det å bli sett og hørt. Og jeg merker at det har skjedd en endring gjennom de siste årene, som jeg opplever som positiv i forhold til det å ha et større fokus på individet, også her».

Og tilsett (informant 8):

«Før var det veldig slik at man hørte og ikke hørte på, voksne bestemmer, og det var ferdig diskutert, men nå føler jeg at vi er mye flinkere til å involvere ungdommen. Og jeg ser en mer positiv utvikling med å faktisk møte ungdommene på den måten, men det er en balansegang. Hvor mye skal man gi, og ofte er det slik at gir man litt, så tar de jo hele hånden».

Sitata ovanfor syner at ungdom er opptekne av tryggleik, og tilsette viser til at ein må vera merksam på korleis makt vert utøvd. Makt kan og vera positivt når den har eit godt tiltenkt føremål (Inge Bø, 2005). Slik ein ser av døma ovanfor treng makt ikkje utan vidare vera noko negativt. Når det kan knytast positive opplevingar til makt, kan noko av forklaringa her vera ein balanse mellom ungdommar og tilsette i samhandlingssituasjonar.

Som ungdom er inne på, vil det å ha klare rammer vera positivt å forhalda seg til frå tilsette. Her vil måten dette vert presentert frå dei tilsette kunna verka positivt inn, slik at ungdom opplever at dei vert inkludert i prosessar ved barneverninstitusjonane.

